

Ottar Grepstad, Eirik Helleve og Kirsti Langstøyl

*Nynorsk innhald
på Internett*

Ottar Grepstad, Eirik Helleve og Kirsti Langstøyl

*Nynorsk innhald
på Internett*

Grunnlag for handlingsplan 2005-2013

Nynorsk kultursentrum
Ørsta 2004

SMÅSKRIFTER FRÅ IVAR AASEN-TUNET

Artiklar, foredrag, notat, utgreiingar om aktuelle faglege eller språkpolitiske spørsmål. Innhaldet står for forfattarens rekning. Alle småskriftene er tilgjengelege på www.aasentunet.no

1. Ottar Grepstad: *Nynorsk i opplæringa: kunnskap, kultur og kvalitet*. 41 s. Februar 2004
2. Ottar Grepstad: *På parti med språket? Språkpolitikk i partiprogramma 1906–2005*. 84 s. September 2004
3. Ottar Grepstad, Eirik Helleve og Kirsti Langstøyl: *Nynorsk innhald på Internett. Grunnlag for handlingsplan 2005–2013*. 67 s. November 2004

Nynorsk kultursentrum, Indrehovdevegen 176, N-6160 Hovdebygda
Telefon 70 04 75 70, faks 70 04 75 71, admin@aasentunet.no

Innhald

Forord	5
Perspektiv 2013	7
Bruk av Internett	11
Dei viktigaste brukargruppene for digitalt stoff på nynorsk	14
200 viktige nettstader med publikumsretta innhald på nynorsk	17
Tre norskspråklege oppslagsverk på Internett	38
Regjeringa og Stortinget om digitale kunnskapsressursar	40
Språk og målformer på publikumsretta statlege nettstader	44
Eit dusin argument for endring	49
Nynorsk leksikon	53
Grunnlag for handlingsplan 2005–2013	60
Vedlegg	
1. Arbeidskonferanse 4.–5. november 2004: program, deltakarar og innleiarar	63
2. Språk og målformer på 75 offentlege nettstader	65

© 2004 Nynorsk kultursentrum

Trykk: Ivar Aasen-tunet, Ørsta

ISBN 82-92602-04-6

*Vi er ikkje mange, det bles og det regnar oftare enn ferja går
men vi trivast godt.*

Opningshelsing på solund.kommune.no

Forord

Store, systematiske, pålitelege og velredigerte kunnskapsbasar har i fleire hundre år vore avgjerande for ein felles kulturarv og kunnskapsproduksjon. I dag må slikt finnast også i digital form. Sidan 1840-åra har det kome ut over 60 allmenne leksikon på dansk, dansknorsk, riksmål eller bokmål. Nynorsk skriftkultur manglar ein slik sterk leksikontradisjon, for det er berre blitt laga tre leksikon på nynorsk:

- Norsk Allkunnebok, 1948-66
- Hermes Leksikon, 1979
- Nynorsk leksikon, 1987

Nynorskmiljøet har i fleire år arbeidd målretta med Internett-spørsmål. I samband med at det gedigne setelarkivet var ferdig digitalisert i 1998 skipa Norsk Ordbok til dagskonferansen "Nynorsk på nettet" i januar 1999. Der peikte Helge Sandøy på det viktige poenget at på Internett finst det ikkje anna enn ein utviklingsfase: "Ingenting blir heilt ferdig." Ein må i det minste kome i gang.

Nynorsk Forum, samarbeidsorganet for nasjonale nynorske institusjonar, organisasjonar og bedrifter, hadde nynorske nettstader som hovudsak i 2002. Dette blei følgt opp med fellesmøte for dei nynorske nettredaksjonane 16. oktober 2003 og eit redaksjonskurs 15. april 2004 med Jan Olav Fretland som kurshaldar. Vurderingar og synspunkt frå desse møta er innarbeidd i dette småskriftet. Dette arbeidet har vist at det er ganske lite overlapping mellom dei nettstadene som desse institusjonane driv. Men det viste seg også at få av dei nynorske nettstadene er tilpassa det faktum at mange og ulike brukargrupper er innom ein og same nettstaden.

Internett er eit ungt medium. Like sidan 2000 har det vore brei semje i nynorskmiljøa om at eit allment leksikon på nynorsk på Internett er det nye viktige tiltaket for å styrkje nynorsk skriftkultur. Difor inviterte Nynorsk kultursentrum til ein arbeidskonferanse i Ivar Aasen-tunet 4. og 5. november 2004. Denne konferansen skulle leggje arbeidsgrunnlaget for **Nynorsk leksikon**. Ikkje ved å fortape seg i tekniske detaljar, men ved å førebu den produksjonen av innhald som ingen andre til no har teke ansvaret for.

Nynorsk innhald på Internett gjeld både skjermmiljø og redaksjonelt språk. Med *skjermmiljø* tenkjer vi på menyar og søkjerettleiingar altså den språklege ramma rundt informasjonen som møter den som klikkar seg inn på hovudsida på ein nettstad. Med *redaksjonelt språk* meiner vi det språket som blir brukt i tekstar skrivne av nettredaksjonen eller medarbeidarar i den institusjonen som står bak nettstaden. Det redaksjonelle språket er nok viktigast, og det var dette konferansen retta merksemda mot. *Språkversjonar av programvare*, som er ein tredje viktig ingrediens, såg vi bort frå ved dette høvet.

Småskrift nr. 3 frå Ivar Aasen-tunet er eit redigert referat frå den nemnde arbeidskonferansen. Også relevant stoff frå tidlegare foredrag, møte og kurs er teke med. Den raude tråden er prosjektet Nynorsk leksikon. Den 24. april 2003 køyrde underteikna kultur- og kyrkjeministeren ned til flyplassen frå Ivar Aasen-tunet. Med seg på flyet fekk ho eit tosidarsnotat om leksikonsaka og denne vennlege helsinga: - Vi gir oss ikkje før vi har fått dette til, så det er like greitt å kome i gang fort.

Målet er difor at dette småskriftet skal bli raskt forelda fordi hovudprosjektet kjem i gang. Til dessar takkar vi Kultur- og kyrkjedepartementet og Nærings- og handelsdepartementet for støtte til arbeidskonferansen og til oppfølgingsarbeidet i form av dette småskriftet.

Ivar Aasen-tunet, 15. november 2004

Ottar Grepstad, direktør

Eirik Helleve, dokumentasjonsleiar

Kirsti Langstøyl, bibliotekleiar

Perspektiv 2013

Perspektiva for arbeidet med nynorsk innhald på Internett blir trekte opp i tre offentlege dokument – ei stortingsmelding, ei komitéinnstilling og eit brev.

St.meld. nr. 48 (2002–2003) Kulturpolitik fram mot 2014

2.7 Aktiv støtte til nynorsk skriftkultur

Gjennom eit breitt spekter av tiltak skal det leggjast til rette for å styrkja nynorsk språk generelt og nynorsk skriftkultur spesielt, og dette vil òg omfatta tiltaka som i visse samanhengar prinsipielt favoriserer nynorsk. [...]

I 2013 er det 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd, og det tiåret som står att fram til dette jubileet, kan vera eit høveleg tidsperspektiv for eit meir systematisk arbeid med å styrkja den nynorske skriftkulturen. Eit slikt arbeid må skje over eit breitt felt, gjennom eit sampel mellom private og offentlege aktørar. Her skal berre nemnast nokre hovudpunkt av ambisjonar som det er naturleg å ta utgangspunkt i.

Ein ny offensiv for nynorsk målbruk i staten vart varsla i St.meld. nr. 9 (2001-2002) Målbruk i offentlege teneste og vil krevja intensivert innsats i lang tid framover. Det same gjeld arbeidet med språkleg jamstilling innanfor informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Eit stort prosjekt er planane om ein allmenn elektronisk kunnskapsbase på nynorsk. Fleire offentlege støtteordningar av allmenn karakter har særleg mykje å seia for den nynorske skriftkulturen, mellom anna pressestøtta, innkjøpsordninga for litteratur og anna. Og ikkje minst vil arbeidet med ei betre sidemålsundervisning i skulen høyra med som eit viktig grep innanfor ein offensiv handlingsstrategi.

Viktige nynorske institusjonar som til dømes Det Norske Samlaget, Det Norske Teatret og Nynorsk kultursentrum må ha rimelege rammevilkår for god drift i åra frametter. Ikkje minst vil det å vidareutvikla og byggja ut samarbeidet med Det Norske Samlaget vera eit sentralt kulturpolitisk verkemiddel i tiåret som kjem.

12.8 Nynorsk programvare m.m.

Ved å leggja til rette for eit samspel mellom offentlege og private aktørar må det i åra framover takast eit krafttak for reell likestilling mellom målformene også i teknologibasert språkproduksjon og språkkommunikasjon, mellom anna ved å arbeida for eit meir fullverdig tilbod av nynorsk programvare og for tilgang til nynorsk innhald på Internett.

Dataskjermen er i ferd med å verta det viktigaste tekstmediet. Dette må ein ta konsekvensen av både for å styrkja nynorsk spesielt og for styrking av norsk språk meir generelt. [...]

Det er eit faktum at utviklinga av dataprogram, Internett og elektroniske hjelpemiddel generelt har skjedd på bokmålets premissar. Det har vore viktigare å få tilgang til alt det nye enn å sjå til at bae målformene vert integrerte i utviklinga. Dette vil både på kort og lengre sikt svekkja nynorsken dersom ein ikkje set inn ekstra ressursar. At Microsoft vert utvikla for nynorsk, kan eventuelt vera eit godt steg framover.

Men det løyser ikkje eit anna problem, nemleg det som har å gjera med gjenfinning av tekstar og dokument på tvers av målform. Her er det søkjefunksjonen som avgjer, men skal ein kunna søkja etter ord og uttrykk uavhengig av målform, må systemet vera slik innretta at søk ved hjelp av eit ord i bokmålsform også gjev treff for dei tilsvarande nynorskformene og omvendt, og i hovudsak vantar ein denne funksjonen i dag. Nynorskbrukarar vert dermed tvinga til å bruka

bokmål, og både nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar mistar informasjon av di det ikkje er teke omsyn til at vi har to offisielle målformer.

Heller ikkje elektronisk arkiv- og sakshandsamingssystem som no gjer sitt inntog i offentleg forvaltning, er utvikla med ein slik funksjon. Følgjeleg opererer ein no med eit uoffisielt påbod om at alt skal registrerast på bokmål for at det skal vera søkbart. Eit slikt forbod mot registrering på nynorsk er direkte i strid med likeverdsprinsippet i mållova. Utfordringa no er å utvikla og ta i bruk ein språkmodul som lenkjer saman bokmåls- og nynorskformer slik at det lèt seg gjera å gjennomføra parallellsøk.

Denne funksjonen vil òg vera svært nyttig i offentlege informasjonsskjelder på Internett, til dømes i Odin. Målet må vera at offentleg internettbasert informasjon skal verta tilgjengeleg for alle, uavhengig av på kva målform tekstane er skrivne, og kva målform publikum nyttar når dei søker elektronisk.

St.meld. nr. 9 (2001-2002) er det under kap. 5.2 vist til St.meld. nr. 13 (1997-98), der det vart formulert som eit mål å sikra både nynorsk- og bokmålsbrukarar gode reiskapar til støtte for språkhandsaming og å tilby relevante informasjonstenester o.l. på baa målformer. I handlingsplanen for norsk språk og IKT frå 2001, utarbeidd av ei arbeidsgruppe i regi av Norsk språkråd, er det sett som mål å auka tilbodet av norskspråkleg programvare, særleg på nynorsk, og at føresegnene i opplæringslova om språklege parallellutgåver av elektroniske læremiddel må oppfyllest i praksis.

Departementet vil vurdera om det er tenlege verkemiddel som bør takast i bruk for å understøtta utviklinga av nynorsk programvare og andre mekanismar som kan hindra diskriminering av nynorsk i samband med teknologisk basert språkbruk. Det bør òg utgreiast om det kan gjerast lov- og forskriftsendringar for å sikra norske arbeidstakarar og forbrukarar norsk grensesnittspråk i meny-, styre- og hjelpetekstar i elektroniske apparat, maskiner o.l. og norsk språk i brukarrettleiingar og annan dokumentasjon for slikt utstyr og på all emballasje og i all merking der språket har noko å seia for helse, miljø og tryggleik.

2.9 Ein norsk språkbank

På noko sikt er det eit mål å få bygd opp ein norsk språkbank, dvs. ei samling av norske språkressursar i form av store mengder tekst og tale som er elektronisk lagra og tilrettelagde for ulike typar bruk og gjenbruk, særleg tenkt nytta til utvikling av språktechnologiske produkt på norsk.

Det andre hovudspørsmålet som det har vore arbeidd med å følgja opp etter at handlingsplanen for norsk språk og IKT vart lagd fram i 2001, er korleis ein eventuelt skal få bygd opp ein språkbank.

Utgangspunktet for det heile er fagfeltet språktechnologi, som kort kan definerast som utvikling av dataprogram med språkmodular som handsamar naturleg språk. Dette gjeld ikkje berre program som ein køyrer på ein datamaskin, men også program innebygde i moderne tekniske innretningar, mellom anna program som gjer det mogeleg å styra maskinar med røysta.

Felles for all slik technologi, anten det dreier seg om program for til dømes korrekturlesing, informasjonssøking, maskinomsetjing, eller - det kanskje mest spektakulære - talegjenkjenning og talesyntese - er at dei aktuelle programmodulane må innehalde ein database av digitalisert språkmateriale tilpassa føremålet med programmet. Program for maskinomsetjing mellom to språk må innehalda ordlistar for baa språka, men skal det fungera slik at omsetjinga gjev meining, krevst også ein omfattande base av større tekstsekvensar slik at programmet kan identifisera og analysera skilnader i grammatiske, syntaktiske og semantiske strukturar språka imellom. Dess meir slikt språkmateriale som vert lagt inn i programmet, dess meir avansert kan det gjerast.

Eit taletechnologi-program er i tillegg avhengig av mengder av førehandslagra digitalisert tale som i programmet er konvertert til akustiske modellar tufta på statistisk analyse. Når ny tale vert mata inn i programmet, kan det dermed kjenna att mottekne lydsekvensar som meiningsberande ord og setningar. Slik kan det lagast alle slags tekniske innretningar som kan styrast med stemma, eller ulike dataprogram som kan omforma naturleg tale til tekst og tekst til kunstig tale.

Det er altså tilgangen til digitaliserte språkressursar i form av tale, tekst og ordlister som er den kritiske innsatsfaktoren og dermed i stor grad det som set grenser for i kva omfang det vil svara seg for norsk forskning og industri å utvikla kommersielle språkteknologiske produkt tufta på norsk språk. Skjer ikkje slik norskspråkleg produktutvikling, må ein rekna med at det vert teke i bruk engelskspråklege produkt i staden. Her ligg truleg ei av dei store utfordringane for norsk språk i tida framover. Difor framstår dette no som eit viktig kulturpolitisk spørsmål. Språkteknologifeltet kan vera ein av dei fremste arenaene der kampen om norsk språk og kultur vil utspela seg i tida framover. Dette var ganske breitt omtala i den språkmeldinga som sentrums- regjeringa la fram i 1997.

Innst. S. nr. 155 (2003–2004)

Innstilling fra familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om kulturpolitikk fram mot 2014
Komiteen vil understreke språkets betydning som kulturelt kjennetegn, det være seg for en nasjon eller for den enkelte. Språket er nær knyttet til den enkeltes integritet, og språklig undertrykkelse er et meget følbart og provoserende maktmiddel. Komiteen mener at dette er noe av bakgrunnen for de mange vanskelige følelser som har ligget under overflaten i en lang, vanskelig og tidvis bitter språkstrid i vårt land.

Komiteen viser til forslaget om å bygge opp en norsk språkbank. Komiteen er enig i denne målsettingen, men vil påpeke at det er forbundet med betydelige kostnader. Komiteen tror også den teknologiske utviklingen vil gjøre dette arbeidet lettere etter hvert og deler derfor departementets oppfatning av at dette må være et langsiktig prosjekt.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, er enig i at aktiv støtte til nynorsk skriftkultur er nødvendig og støtter departementets begrunnelse for dette. Flertallet mener det i den aktuelle språkpolitiske situasjon er viktig å fokusere på det konstruktive og stimulerende fremfor regler og tiltak basert på tvang. Flertallet vil her peke på de mange positive tiltak meldingen legger opp til.

Komiteen viser til at en viktig del av "ABM-visjonen" var å etablere en elektronisk portal inn til vår felles hukommelse på arkiv-, bibliotek- og museumsområdet. Komiteen vil understreke at dette er en så viktig del av hele ABM-konseptet at det ikke må komme i bakgrunnen, men bli fulgt opp.

Komiteen mener det vil være naturlig å ta utgangspunkt i det arbeidet som allerede har vært igangsatt i enkelte regioner for så å bygge dette ut til å omfatte resten av landet.

Komiteen vil denne forbindelse peke på det prosjektet som er under utvikling i regi av fylkesarkivaren i Sogn og Fjordane og som har høstet mange lovord. Komiteen mener det i denne sammenheng også bør vurderes å gjøre Sogn og Fjordane til en prøveregion for nettbasert kultur- og kunnskapsformidling i nært samarbeid med ABM-utvikling og Kulturnett Norge.

Nynorsk Forum om statsbudsjettet 2005

Medlemmer

BUL i Oslo • Dag og Tid • Det Norske Samlaget • Det Norske Teatret • Ivar Aasen-instituttet
Kringkastingsringen • Landssamanslutninga av nynorsk kommunar • Noregs Mållag • Noregs
Ungdomslag • Norsk Barneblad • Norsk Målungdom • Norsk Ordbok • Norsk Plan • Norske

Lagsbruk • Nynorsk kultursentrum • Nynorsk mediesenter • Nynorsk pressekontor • Riksfondet for nynorsk presse

Brev til Stortinget 13. oktober 2004 om statsbudsjettet 2005

Det har i fleire år vore brei semje blant nynorskinstitusjonane i Nynorsk Forum om at eit allment leksikon på nynorsk på Internett er det nye viktige tiltaket for å styrkje nynorsk skriftkultur. Regjeringa framheva desse planane i kulturmeldinga. Fleirtalet i kommunalkomiteen gjekk i sine merknader til kommunemeldinga våren 2004 inn for dette prosjektet ut frå behovet for reell jamstelling i skulen. Samstundes går det klart fram av St.meld. nr. 30 (2003-2004) Kultur for læring at bruken av Internett blir ein jamt viktigare del av skulekvardagen. Her stiller nynorskelevane med handikapp. Vi bed om samanfallande merknader i innstillingane frå *familie-, kultur- og administrasjonskomiteen* og frå *kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen* om prosjektet Elektronisk kvalitetsinnhald på nynorsk.

Komiteen har merka seg at stortingsfleirtalet i handsaminga av kulturmeldinga slutta seg til planane frå regjeringa om ei systematisk styrking av nynorsk skriftkultur fram mot 2013. Komiteen har også merka seg at elevane i både grunnskulen og den vidaregåande skulen treng fleire pålitelege kunnskapskjelder på Internett. Komiteen meiner difor eit allment leksikon på nynorsk på Internett vil vere ein svært viktig del av den nemnde styrkinga. Komiteen bed regjeringa leggje dette til grunn for ei prioriteringsliste i framlegget til statsbudsjett for 2006.

Bruk av Internett

Internett er det einaste massemediet der alle mediebrukarane i prinsippet har tilgjenge til alt som er publisert.

Verda

Ved inngangen til 2004 hadde over 800 mill. menneske tilgjenge til Internett. For to år sidan var det 606 mill. menneske som brukte Internett.

Noreg

I 2004 har 3,1 mill. nordmenn tilgjenge til Internett. I 2000 hadde om lag 2,2 mill. nordmenn slikt tilgjenge, i 1997 om lag 600 000.

I 2004 bruker nær 2 mill. nordmenn Internett dagleg. Dette er dobbelt så mange som for fire år sidan.

I 2004 har 600 000 nordmenn tilgjenge til Internett gjennom skulen, 1,6 mill. gjennom jobb og 2,6 mill. heime.

I 2003 hadde 97 prosent av vidaregåande skular tilgjenge til Internett. Same året hadde 91 % av elevane i vidaregåande skule slikt tilgjenge.

Publisering

I 2004 er det over 233 mill. nettstader. For berre fire år sidan var det 72 mill. I 1981 var det ikkje meir enn 213 nettstader i heile verda.

På nettstader med domeneadressa .no fanst det ved inngangen til 2004 godt og vel 3,6 millionar dokument. Dette var ikkje alle dokumenta på norsk på Internett; vi ville nok finne ein god del på domeneadresser av typen .com eller .org også. Blant det fire millionane norskspråklege dokumenta som Norsk språkråd fanga opp i sin årlege nettundersøking, var om lag 210 000 på nynorsk. Dette utgjør godt og vel 5 prosent.

Skilnader og endringar

Bruken av Internett er avhengig av tilgjenge. Denne tilgjenget varierer frå fylke til fylke. Også den tekniske kvaliteten i form av linje- og bandbreidd varierer. I mai 2003 var det over 200 kommunar som ikkje hadde breiband. Våren 2004 var 63 kommunar utan breiband.

Av alle over 13 år har 78 prosent tilgjenge til Internett i 2004. Blant unge opp til 20 år er det heile 97 prosent som har slikt tilgjenge.

59 prosent av dei som har tilgjenge til Internett, bruke mediet dagleg. Nordmenn søker jamt meir til norske nettstader. Hausten 2003 brukte 54 prosent primært norske nettsider, 36 prosent

brukte norske og framandspråklege sider halvt o halvt, og åtte prosent brukte primært framandspråklege nettsider.

Statistikk for bibliotek og museum 2003 syner at i 13 av 19 fylke har alle vidaregåande skular tilgjenge til Internett. For dei andre fylka er tala desse:

Hordaland	98 %
Sør-Trøndelag	96 %
Troms	95 %
Sogn og Fjordane	94 %
Vest-Agder	93 %
Møre og Romsdal	76 %

Tilgjengen for elevar varierer meir. Då er det berre i ni fylke at alle elevane i vidaregåande skule har tilgjenge til Internett. Dei to fylka som har dårlegast dekning, er desse:

Sogn og Fjordane	81 %
Møre og Romsdal	66 %

Fleire av dei fylka som har mange elevar med nynorsk hovudmål, er altså blant dei som har dårlegast Internett-tilgjenge. Blant elevane er det ingen nynorskfylke som har fullt tilgjenge. Best er Hordaland med 89 %.

Enno i 2004 bruker skulane Internett i undervisninga i avgrensa grad, og det er gjerne nokre få program og tenester som blir nytta. Elevane bruker elles pc oftare heime enn på skulen.

Brukarkrav til stoff på Internett

- *Påliteleg*: målretta brukarar å få informasjon dei kan stole på. Dette krev redaksjonell motstand. Dei skriftene ein forfattar gir ut på eige forlag, er nesten utan unntak dårlegare enn dei tekstane som er blitt utsette for slik redaksjonell kvalifisert motstand.
- *Oppdatert* i høve til dagens kunnskapar og tenkjemåtar. Berre delar av eit leksikon er nyheitsorientert. Oppdatering tek mykje tid; ein skal blant anna vurdere kva som er døgnfluger og kva som ikkje er det.
- *Tilpassa*: Brukargruppene er ulike når det gjeld forståingshorisont, faktakunnskapar, interessefelt, brukssituasjon og individuelle behov. Å tilpasse og å avgrense ei saksframstilling er to sider av same sak.
- *Velskrive*: Internett-brukarane ventar no at stoffet skal vere klart framstilt og velskrive. Viss det ikkje er det, vil jamt fleire også rekne med at då er heller ikkje innhaldet til å stole på.
- *Nynorsk*: Det dreiar seg om stoff på nynorsk og om nynorsk. Nynorsk innhald på Internett dreiar seg om meir enn eit digitalt nynorsk leksikon, men dette leksikonet bør vere det navet alt dreiar seg om. Sidan 1840-åra har det kome over 60 allmenne leksikon på dansk, dansknorsk, riksmål eller bokmål, men berre tre på nynorsk.

Alt dette peikar tydeleg i retning av behov for ein fast og kontinuerleg redaksjon. Internett er eit medium som høver godt for dugnadsarbeid, og det finst alt interessante døme på at dette kan gi resultat. Men alt er ikkje like viktig. Og nokon må kunne svare for seg når det blir nødvendig. Di større stoffmengdene blir og di fleire treff vi får når vi bruker søkjemotorar – di viktigare blir det med utvald og tilrettelagd informasjon.

Søkjemotorar og søkjefunksjonar

Søkjemotorane er mange og gode i den forstand at dei fangar opp mykje stoff. Men dei er ikkje til å stole på. Dei blir i aukande grad redigerte etter betalingsprinsippet. I Kvasir kan ein kjøpe seg plass øvst på treff-listene mot å betale frå 10 000 kr og oppover, pluss årlege avgifter.

Søkjemotorane er eittspråklege. Ein nynorskbrukar som vil ha tak i stoff om det danske eineveldet, må søkje på *enevoldstiden* eller *enevelde*. Nynorskbrukaren må altså tenkje på bokmål.

Norsk temasøk – parallell- og synonymordbok på bokmål og nynorsk: nynodata.no

Eit sentralt problem i den teknologien som ligg bak søkjemotorane, er at dei søker på stikkord utan å ta omsyn til grammatikk eller tema. Derfor finn dei ofte ikkje sentral informasjon.

Nynodata AS har utvikla eit system for temasøk på bokmål og nynorsk. Det inkluderer mellom anna omsetting til den andre målforma, bøyingsformer og synonym. Systemet kan integrerast med dei aller fleste heimesider som har tekstsøk, anten det gjeld Internett, intranett eller annan type elektronisk informasjonssøk.

Temasøket er eit delresultat av prosjektet ”Automatisk språkkontroll”, med støtte frå Noregs forskingsråd og SND. I dette prosjektet har Nynodata lagt ned store ressursar i forskning og utvikling dei siste tre åra.

Skjermmiljø og redaksjonelt miljø

Med *skjermmiljø* tenkjer vi på menyar og søkjerettleiingar altså den språklege ramma rundt informasjonen som møter den som klikkar seg inn på hovudsida på ein nettstad. Med *redaksjonelt språk* meiner vi det språket som blir brukt i tekstar skrivne av nettrekaksjonen eller medarbeidarar i den institusjonen som står bak nettstaden.

Dei viktigaste brukargruppene for digitalt stoff på nynorsk

Internett er blitt så vanleg at det kan vere lettare å rekne opp kva brukargrupper som ikkje er viktige enn dei som er viktige. Ut frå reknestykka våre er det om lag 1,5 mill. nordmenn som i utdanning, arbeid eller på fritida som jamleg eller sporadisk vil ha særleg bruk for digitalt stoff på nynorsk.

I organisert form er skulen den viktigaste brukargruppa for digitalt stoff på nynorsk. Dette gjeld minst 775 000 elevar og studentar.

Av desse er 125 000 skuleelevar og studentar med nynorsk som hovudmål. I tillegg kjem 475 000 vaksne nynorskbrukarar, som anten i kraft av sine stillingar eller ut frå sine fritidsinteresser vil ha stor nytte av slikt stoff. Om lag 600 000 nynorskbrukarar vil altså ha jamleg bruk for digitalt stoff på nynorsk.

Ei tredje viktig gruppe er profesjonelle nynorskbrukarar, dvs. personar som til vanleg eller privat ikkje bruker nynorsk, men som gjer det i embets medfør, sporadisk eller ofte. Dei fleste av desse arbeider truleg i offentleg sektor, og der finn vi minst 200 000 av dei.

I tillegg kjem personar i vaksenopplæring, innvandrarar og flyktningar.

Vi har ikkje prøvt å rekne på kor mange allmenne brukarar det elles vil vere for digitalt stoff på nynorsk, men lærarar og journalistar vil vere to slike grupper.

125 000 skuleelevar og studentar med nynorsk som hovudmål

Vi kan rekne med at nærmare 130 000 elevar og studentar har nynorsk som hovudmål. Desse fordeler seg slik:

- Nynorskelevar i grunnskulen 90 000
- Nynorskelevar i vidaregåande skule 18 000
- Studentar 21 000

I grunnskulen kan vi rekne med at bruk av Internett som informasjonskjelde er mest relevant i 5.10. årssteg.

Det ligg ikkje føre sikre tal for nynorskbrukarar verken i vidaregåande skule eller på høgskular og universitet. Men vi veit at det i 2003 var 614 000 elevar i grunnskulen, 179 000 elevar i vidaregåande skule (utanom vaksenopplæring m.m.) og 210 000 studentar på høgskular og universitet. For desse to utdanningsnivåa har vi rekna med at om lag 10 prosent av desse er nynorskbrukarar.

I 2003 var det 14 000 norske studentar ved utanlandske lærestader. Desse har vi ikkje teke omsyn til.

Om lag 475 000 vaksne nynorskbrukarar

I Noreg bur det i 2005 3,7 mill. som er over 15 år. Fleire store, landsdekkjande spørjeundersøkingar det siste tiåret syner at vi kan rekne med at om lag 14 prosent av alle nordmenn over 15 år er nynorskbrukarar eller bruker nynorsk og bokmål om einannan. Dette svarar til 518 000 nordmenn. Alle desse har i prinsippet bruk for digitalt stoff på nynorsk. Av desse er om lag 40 000 rekna med i talet på elevar i vidaregåande skule og studentar ved høgskular og universitet. Vi kan difor rekne med om lag 475 000 vaksne nynorskbrukarar utanom elevar og studentar.

650 000 skuleelevar med bokmål som hovudmål

Vi kan rekne med at det er om lag 650 000 elevar og studentar med bokmål som hovudmål. Desse fordeler seg slik:

Bokmåselevar i grunnskulen 494 000

Bokmåselevar i vidaregåande skule 161 000

Grunnlaget for desse tala er dei samle sumtala som er lagde til grunn for utrekningane av talet på skuleelevar og studentar med nynorsk som hovudmål. Behovet for tilgjenge til informasjon på nynorsk vil variere mykje innanfor gruppa av bokmålskrivande studentar. Vi kan rekne med at det var om lag 189 000 bokmålsbrukande studentar i Noreg i 2003. Desse er ikkje rekna med.

Om lag 200 000 profesjonelle nynorskbrukarar

I statsforvaltninga arbeidde det i 2000 133 500 personar, dvs. personar som kom inn under det statlege tariffområdet. Alle desse personane fall neppe inn under verkeområdet for mållova.

Frå 1.1.2002 tok staten over alle offentlege helseføretak. Det statlege tariffområdet er dermed blitt mykje større på få år. For fleire av dei nye helseregionane slår mållova inn med full tyngd.

I 1996 var om lag 50 000 personar sysselsette i nynorsk-kommunane og i dei fylkeskommunane som bruker nynorsk. Også dette talet er truleg vesentleg høgare no.

Ikkje alle i offentlig sektor er tilsette i stillingar som inneber jamleg bruk av skriftspråket, og ein del av dei som er tilsette, er rekna med i gruppa vaksne nynorskbrukarar. Vi kan likevel rekne med at det er om lag 200 000 profesjonelle nynorskbrukarar. Mange av dei bruker nynorsk lite. Nettopp desse vil ha særleg nytte av digitalt stoff på nynorsk.

Nokre tusen innbyggjarar i nynorskprega område med norsk som andrespråk

I grunnskulen er det i alt om lag 30 000 elevar med norsk som andrespråk. Svært få av desse bur i nynorskprega strøk. I tillegg hadde 7500 studentar innvandrarbakgrunn.

Undersøkingar frå Nynorsk kultursentrum tyder på at om lag 5 prosent av innvandrarelevane er å finne i nynorskprega område. I prinsippet har då om lag 1500 innvandrarelevar nynorsk som norsk andrespråk. Den svært mangelfulle opplæringa i nynorsk, som ikkje minst kjem av manglande læremiddel, inneber at eit mindretal av desse truleg får reell undervisning i nynorsk som norsk andrespråk. Vi kjenner ikkje til kor lett tilgjenge innvandrarar og flyktingar har til pc og dermed til digitalt stoff, men reknar med at det er nokre tusen innbyggjarar i nynorskprega område som har norsk som andrespråk og vil ha særleg nytte av digitalt stoff på nynorsk. For den sosiale og kulturelle integreringa sin del er det viktig at dei får slike tilbod.

Minst 50 000 personar i vaksenopplæring

I 2003 fullførte 20 000 personar kurs ved tolv frittstående fjernundervisningsinstitusjonar. Ein aukande del av personar i slik undervisning har einast eller mest elektronisk kontakt med lærarane. Det inneber også at Internett er ei viktig kunnskapskjelde for dei.

I 2002 var litt over 6000 personar med på arbeidsmarknadskurs, såkalla AMO-kurs. Og i 2003 arrangerte studieforbunda 50 000 kurs med 735 000 deltakarar. Det er vanskeleg å seie kor mange av slike kursdeltakarar som har særleg bruk for digitalt stoff på nynorsk. Det er iallfall interessant at nesten ti prosent (71 000) av deltakarane på studiekurs kom frå Hordaland, og at AMO-kursa hadde flest deltakarar i Oslo, Hordaland og Rogaland. Eit varsamt påslag vil difor vere at minst 50 000 personar i vaksenopplæring har særleg bruk for digitalt stoff på nynorsk.

200 viktige nettstader med publikumsretta innhald på nynorsk

Det er ukjent for oss kor mange norskspråklege nettstader det finst på Internett. Det kartleggingsarbeidet vi har gjort, blant anna med god hjelp frå fleire innleiarar på arbeidskonferansen "Nynorsk innhald på Internett", har resultert i ein journalistisk dokumentasjon av godt over 200 viktige nettstader med publikumsretta innhald på nynorsk.

Å lage eit komplett oversyn over viktige nynorske nettstader er umogleg. Ei slik liste ville vere forelda før den var prenta. Vi har ved dette høvet sett bort frå private verksemder som har laga større eller mindre nettstader på nynorsk. Desse er det vi kallar vanlege kommersielle nettstader med lite publikumsretta innhald ut over sals- og produktinformasjon.

Arkiv

Digitalarkivet: digitalarkivet.no

Digitalarkivet blei oppretta i januar 1998 som ein nettstad for arkivbaserte databasar og annan arkivinformasjon. Al same året var dei landsdekkjande folketeljningane frå 1865 og 1900 tilgjengelege på Internett; Historisk institutt ved Universitetet i Bergen hadde alt på slutten av 1960-talet arbeidd med 1801-folketeljninga.

Etter fem år som eit prøveprosjekt i samarbeid mellom Historisk institutt og Statsarkivet i Bergen blei Digitalarkivet i 2002 integrert i Statsarkivet i Bergen. Dette er eitt av fleire avdelingskontor under Riksarkivaren.

Statsarkivet i Bergen sit på 150 mill. dokument som utgjer 15 hyllekilometer. Alt tidleg i 1980-åra sette ein som mål at 4,5 mill. dokument skal vere digitaliserte innan 2011. Det svarar til tre prosent av dokumenta. På den måten vil ein spare originaldokumenta for vidare slitasje. Sju heiltidstilsette digitaliserer materiale. I tillegg arbeider over hundre personar med å taste inn materiale gratis i regi av det som blir kalla Digitalpensjonatet.

95 prosent av dokumentbruken gjeld dei nemnda tre prosent. Bruksmønsteret har vore svært stabilt i fleire tiår. Brukarane ser særleg etter kyrkjebøker, tinglysingsarkiv, folketeljningar og skifteprotokollar. No inneheld Digitalarkivet 3000 databasar med nær 10 mill. postar.

Digitalarkivet har 14 000 brukarar kvar dag, og på ein litt dårleg dag har dei om lag 200 000 treff. Fire av ti brukarar har nettadresser på .net eller .com. Ei undersøking for eit par år sidan synte at så mykje som ein av seks nordmenn kjende til Digitalarkivet. Det svarar til 800 000 personar.

I 2005 kjem arkivet til å ha om lag 52 mill. søk mot 8 mill. søk i 1998. Dette inneber at Digitalarkivet står for 97 prosent av all bruk av dokument i Arkivverket. Brukarane skreiv i fjor om lag 50 000 innlegg til dei to debattforuma i Digitalarkivet.

Personopplysningar som kan såre, krenkje eller skade, skal haldast sperra i ei viss tid: Generelt er sperregrensa 60 år. Barnevernssaker, ekteskaps- og straffesaker er sperra i 80 år, adopsjonsopplysningar i 100 år. Folketeljningane blir tilgjengelege etter 100 år.

Redaksjon: Yngve Nedrebø (ansvarleg).

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane: Databasar

<http://www.sffarkiv.no/sffbasar/default.asp>

Opna 1997. I samarbeid med Kulturnett Sogn og Fjordane har fylkesarkivet laga eit samla oversyn over databasar i fylket innanfor arkiv, bibliotek og museum. Arkivfaglege databasar er m.a.

Kulturhistorisk atlas og leksikon (opna 2001), kommunale og private arkiv, stadnamn, foto panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker og matriklar.

Redaksjon: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane: Lokalhistorisk spørjevev

<http://sporjevev.sffarkiv.no/sporjevev.asp?p=framside>

Opna 2000. Tenesta er eit samarbeid mellom Fylkesarkivet, Sogndal bibliotek og De Heibergske samlingar – Sogn folkemuseum der publikum kan få svar på spørsmål om lokalhistorie i Sogn og Fjordane.

Prosjektleder: Kasper Vejen.

Bibliotek

Bergen off. bibliotek: Nettbiblioteket – Vestlandsforfattere

http://www.bergen.folkebibl.no/vestlandsforfattere/vestforf_intro.html

Opna 1997-98. Bergen off. bibliotek har dei siste åra utvikla eit omfattande nettbibliotek med underavdelinga Vestlandsforfattere. Den 1. november 2004 var 165 forfattarar presenterte her. Av desse skriv 64 nynorsk. Sidene om desse nynorskbrukarane har nynorsk skjermmiljø. Mykje av stoffet er henta frå forfattersidene til Norsk Forfattersentrum. Dei har dessutan laga ein del eigne forfattarintervju. Skuleelevar bruker desse sidene mykje.

Redaksjon: Bergen offentlige bibliotek, Galleri [samarbeid mellom dei tilsette]

Bibliografi over norsk litteraturforskning: nb.no/baser/littforsk

Bibliografi for norsk litteratur etter 1500 og generell litteraturkritikk og litteraturteori. Bibliografien byggjer på Leif Mæhle (red): *Bibliografi over norsk litteraturforskning 1965–1989*, som igjen byggjer på dei årlege bibliografiane i *Norsk litterær årbok*. I perioden 1990-1998 blei dei årlege bibliografiane overførte til Littforsk ved Nasjonalbiblioteket. Frå 1999 legg ein postane inn i databasen etter kvart. Den 1. januar 2004 inneheldt basen nær 21 000 postar.

Litteraturnettet.no

Denne portalen har nynorsk skjermmiljø og er saman med skrift.no eit uavhengig tiltak. I hovudsak er portalen finansiert av dei skjønnlitterære skribentorganisasjonane i Noreg. Litteraturnettet inneheld informasjon om over 3000 forfattarar frå heile verda, og er svært mykje brukt.

Redaktør: Idar Lind

Nynorsk på nettet: dokpro.uio.no/nynorskpaanettet

Dokumentasjonsprosjektet (Dokpro) ved Historisk-filosofisk fakultet, Universitetet i Oslo, blei sett i gang i 1991. Dette var eit stort digitaliseringsprosjekt for ei rekkje samlingar knytte til dei humanistiske faga ved fleire universitet. I Delprosjektet nynorsk blei det mellom 1991 og 1998 utført 51 årsverk. Det blei digitalisert 60 000 sider bokmålstekst og 15 000 sider nynorsktekst.

Nynorsk kultursentrum gjorde avtale med Universitetet i Oslo og etterorganisasjonen for Dokpro om eit samarbeid for å få fram den nynorske skriftkulturen generelt og Ivar Aasens verk spesielt i elektronisk form. Målet på lengre sikt var å skipe ein felles ressursbank for nynorsk generelt og dialektar spesielt. På grunnlag av dette skaut Nynorsk kultursentrum inn 150 000 kr i prosjektet hausten 1998.

For desse midlane utførte Dokpro desse oppgåvene:

- Nettstaden "Nynorsk på nettet" med ein del sentrale nynorske skrifter, i drift frå 1. januar 1999. Dokpro stod for drifta av nettstaden i to år, til 31. desember 2000.

- Vidare bearbeiding og samansying av setelarkiv, Grunnmanuskriptet, eldre ordsamlingar, Aasens Norsk Ordbog og Nynorskordboka til eit felles system
- Eindagsseminaret "Nynorsk på nettet" i 1999
- Avgrensa it-relaterte konsulenttenester

Avtalen sikra Nynorsk kultursentrum tilgjenge til ei rekkje dokument i digital form, m.a. utval av eldre skjønnlitteratur og sakprosa, ei rekkje ordsamlingar og ordbøker, setelarkivet til Norsk Ordbok og ein leksikalsk database for moderne nynorsk bygd på Nynorskordboka og materiale frå IBM.

Nasjonalbiblioteket tok over dei litterære tekstane då Dokpro blei lagt ned utan at Nynorsk kultursentrum var blitt informert. Saka blei drøfta på eit møte i Nasjonalbiblioteket 17. november 2002, og eit samarbeid skulle vere mogleg å få til.

Digitaliserte og nettpubliserte skrifter

Aasen, Ivar: Skrifter i samling I-III (1911-1912)

I: Fem viser, Symra, Einstaka dikt, Etterleivde dikt, Forteljingar og skildringar, Eventyr og segner

II: Røddor og spelstykke, Heimsyn

III: Maalsoga og Maalsak, Norsk Navnebog, Umsetjingar

Aasen, Ivar: Norsk Ordbog (1873)

Aasen, Ivar: Norsk Grammatik (1864)

Aasen, Ivar: Prøver af Landsmaalet i Norge (1853)

Aasen, Ivar: Brev og dagbøker I-III (1957-60)

Bibelen (1921)

Bø, Olav og Reidar Djupedal (red.): Ordliste til Johannes Skar: Gamalt or Setesdal

Garborg, Arne: Skriftir i samling I-VII (jubilæumsutgaave 1921-1922)

I: Bondestentar, Mannfolk

II: Hjaa ho mor

III: Trætte Mænd, Uforsonlige

IV: Fred, Læraren, Den burtkomne faderen, Heimkomin son

V: Haugtussa, I Helheim

VI: Ein fritenkjar, Av laak Ætt, Hemn, Seld til den Vonde, Stordaad, Ungdom, Sjø,

Aarsfesten i Ungdomslage, Døy, Han Lars i Lia, Fjell-Luft, I Heiane, Kvæde

VII: For seint ute, Kolbotnbrev, Knudaheibrev, Ei Finneferd

Garborg, Arne: Politik (1919)

Jaastad, Lars: Tre tun (1922)

Løland, Rasmus: Barnebøker III (1925)

Løland, Rasmus: Nervesliten (1896)

Sivle, Per: Skrifter II. Sogor og Stubbar (1910)

Skar, Johannes: Gamalt or Sætesdal (2. opplaget 1965)

Torp, Alf: Nynorsk etymologisk ordbok (1919)

Vinje, A.O.: Skrifter i samling I-V (1916-1921)

I: Bladstykke or Dølen I

II: Bladstykke i Dølen II-VIII

III: Schweigaard, Talar, Bretland og Britarne

IV: Ferdaminni, Fjøllstaven min, Elsk og Giftarmaal

V: Einskilde dikt, Umsette dikt og vers, Storegut, Staale

Digitaliserte, men ikkje nettpubliserte tekstar fordi tekstane ikkje har falle i det fri

Bergsgård, Arne og Severin Eskeland: Soga um millomalderen og den nye tidi (1926)*

Bygd, Sjur: Holmgang (1917)*

Duun, Olav: Menneske og maktene (1938)*

Duun, Olav: I stormen (1923)*
 Floden, Halvor: Vi er vener (1950)*
 Gjelsvik, Nikolaus: Innleiing i rettsstudiet (1939 - 3. opplaget)*
 Heggland, Johannes: Manns blod (1946)*
 Høydal, Aslaug: Høyra livet til (1976)*
 Klæbo, Arthur: Radioliv (1983)*
 Midttun, Olav: Livsminne (1971)*
 Moren, Sven: Gardguten og Spelemannen (1936)*
 Moren Vesaas, Halldis: Hildegunn (1942)*
 NFL (Norsk folkeminnelags skrifter)*:
 84: Seim, Einar: Ordtøkje og herme I
 89: Seim, Einar: Ordtøkje og herme II
 102: Floden, Halvor: Ein fjellgard
 103: Lunde, Peter: Folkeminne frå Søgne
 104: Sødal, Henrik: I gammeltida. Folkeminne frå Hemne prestegjeld
 105: Brox, Arthur: Folkeminne frå Ytre Senja
 128: Hermundstad, Knut: Truer om dyr
 Setrom, Ola: Der straumane møtest (1946)*
 Syn og Segn: 10 årgangar (1975-77 og 1988-1994)*
 Tvedt, Jens: Brite-Per (1924)*
 Uppdal, Kristofer: Vandringa (1923)*
 Vislie, Vetle: Eldbjørg (1931)*
 Øverås, Asbjørn: Frå virke og vitskap (1956)*

Sogn og Fjordane fylkesbibliotek: Fjognedok

<http://www.sf.fylkesbibl.no/cgi-bin/websok-fjognedok>

Opna 1999. "Fjognedok-prosjektet" er eit samarbeid mellom bibliotek og museum i Sogn og Fjordane. Målet er å byggje opp ein bibliografisk base over lokalhistorisk litteratur frå Sogn og Fjordane. Basen inneheldt i februar 2004 ca. 8000 postar.

Redaktør: Anja Angelskår Mjelde.

Andre bibliotek

Nokre folke-, fylkesbibliotek, universitets- og høgskulebibliotek har laga forfattersider over forfattarar frå deira kommune, fylke eller region. Informasjonen om nynorskforfattarane er som regel skriven på nynorsk, men til dømes ikkje i basen Rogalandsforfattere. Vi nemner elles særleg:

- Bibliografi over lokale forfattarar, laga av Ålesund bibliotek og Møre og Romsdal fylkesbibliotek, <http://www.alesund.fylkesbibl.no/lokal/index.html>.
- Forfatternett Oppland, laga av Oppland fylkesbibliotek, <http://oppland.fylkesbibl.no/forfatternett/>
- Sunnhordlandsforfattarar: bibliografi over 40 forfattarskapar, utvikla ved Høgskolen Stord/Haugesund, http://www.hsh.no/biblioteket/fagressurser/laerer/forfattarar_i_sunnhordland.htm
- Bærum bibliotek har laga egne temasider om to nynorskforfattarar i samband med jubileumsmarkeringar: Sigmund Skard (<http://www.barum.folkebibl.no/tema/skard.html>) og Eirik Vandvik (<http://www.barum.folkebibl.no/tema/vandvik.html>)
- Hannaas-samlinga – Universitetsbiblioteket i Bergen har mellom anna boksamlinga til Torleiv Hannaas (<http://www.ub.uib.no/avdeling/spes/magasin/spesialsamlingssider/hannaas.index2.htm>)
- Ulvik kommune sitt dokumentasjonsprosjekt om Olav H. Hauge: <http://www.ulvik.kommune.no/hauge.htm>

Forlag og bokklubbar

Fleire forlag omtalar nynorsk-bøkene sine på nynorsk. Dette stoffet utgjer ein så liten del av deira nettstader at desse forlaga ikkje er tekne med.

Blåmann Barnebokklubb: blamannbok.no

Dotterselskap i Det Norske Samlaget, skipa 2001. Vanleg kommersiell nettstad med alt stoffet på nynorsk.

Redaksjon: Forlagssjefen (ansvarleg), Erle Stokke

Det Norske Samlaget: samlaget.no

Opna 1996. Nettstaden er mellom anna laga for å informere om og selje bøker. Enkle og brukarvennlege sider der ein an finne fram til boktitlar, bokomtalar og forfattarar. Dei biografiske omtalane av forfattarane er som regel svært knappe. Svært lite bakgrunnsstoff om institusjonens lange historie. Nettstaden har også ei nyhendeteneste der dei som ønskjer det kan tinge informasjon på område dei har særleg interesser. Under nettstaden er også frittstående sider for tidsskriftet Syn og Segn (sjå s. 33). Til fleire av skulebøkene er det knytt eige læringsstoff og interaktive sider, t.d. samlaget.no/denstorefesten/index2.html. Her er det også stoff på engelsk, bokmål urdu og vietnamesisk. Nettstaden blir oppdatert fleire gonger i veka. Nettstaden blir lagd om i desember 2004.

Redaksjon: Forlagssjefen (ansvarleg, Ruth Lillegraven

Norsk Bokreidingslag: bokreidingslaget.no

Vanleg kommersiell nettstad for dette forlaget, som helst gir ut bøker på høgnorsk og som skreiv seg frå det gamle Vestmannalaget.

Selja Forlag: selja.no

Regionalt forlag i Førde, Sogn og Fjordane, skipa 1995. Alt tstoffet er på nynorsk. Den 8. november 2004 var det 28 forfattaromtalar. Nettstaden har lite tekstutdrag og er difor i hovudsak ein vanleg kommersiell nettstad.

Skald Forlag: skald.no

Regionalt forlag i Leikanger, Sogn og Fjordane, skipa 1991. Alt stoffet er på nynorsk. Den 8. november 2004 var det 34 forfattaromtalar. Nettstaden har lite tekstutdrag og er difor i hovudsak ein vanleg kommersiell nettstad.

Forskinsinstitusjonar

Ivar Aasen-instituttet: hivolda.no/iaai/

Ivar Aasen-insituttet ligg under Høgskulen i Volda, og har knutepunktfunksjon for nynorsk skriftkultur. Sidene presenterer mellom anna studietilbodet deira (mastergrad i nynorsk skriftkultur), forskingsprosjektet "Det opne språket", og skriftserien til instituttet. Nokre artiklar skrivne av dei tilsette er lagt ut under peikaren "Nytt tankegods".

Møreforsking: moreforsk.no

Møreforsking er ei frittstående forskingsstifting etablert av Møre og Romsdal fylkeskommune i 1979. Stiftinga samarbeider tett med dei tre høgskulane i fylket. Den felles startside er på nynorsk,

og det same gjeld sidene frå avdelinga i Volda (<http://www.moreforsk.no/volda.htm>), der mange tekstar og rapportar kan lastast ned. Avdelingane i Molde og Ålesund bruker bokmål.

Vestlandsforskning: vestforsk.no

Vestlandsforskning er eit oppdragsbasert forskingsinstitutt som held til i Sogndal, etablert 1985. Alt stoff på nettstaden er på nynorsk. Nettstaden informerer om prosjekt i arbeid, og har i tillegg ei mengd rapportar og tekstar. Nokre av desse er på bokmål.

Høgskular og universitet

Dei fleste, om ikkje alle, universitet og høgskular har nettstader som samlar dokumentasjon, peikar til verdfulle databasar og har oversyn over publiserte artiklar. Få av dei er prega av nynorsk, og det ser ut til at berre to har nynorsk skjermmiljø.

Høgskulen i Volda: hivolda.no

Nettstaden har nynorsk skjermmiljø og nynorsk dominerer redaksjonelt. Nettsida <http://www.hivolda.no/index.php?ID=11846> gir oversyn over dei ulike forskingsprosjekta ved høgskulen.

Høgskulen i Sogn og Fjordane: hisf.no

Nettstaden har nynorsk skjermmiljø og nynorsk dominerer redaksjonelt. Nettsida hisf.no/fou/ har den viktigaste informasjonen om forskingsverksemda ved høgskulen. Sidene inneheld mellom anna oversikt over publiserte artiklar attende til 1996; frå og med 2001 kan dokumenta lastast ned.

Universitetet i Bergen: uib.no

Nettstaden er reelt tospråkleg. Mange viktige peikarar er samla på sida "Dokumentasjon og databasar" <http://www.uib.no/info/forskning/dokogdb.html>. Her er mellom anna oversikter over publiserte artiklar av dei tilsette ved UIB, og oversikt over alle doktorgradsavhandlingar ved UIB. Talet på nynorskbrukarar er lågare her enn ved HVO og HSF, men sidene inneheld likevel mykje viktig og relevant informasjon.

Kommunar og fylke

I 2004 er det 116 kommunar som har nynorsk som tenestemål. Av desse er det 114 som har eigne nettstader, dessutan tre fylkeskommunar. Nokre få nynorskkommunar har tospråkleg nettstad eller bokmålsnettstad.

Nynorskkommunane hevdar seg godt målt i kvalitet. Ti kommunale nettstader var nominerte til prisen Årets offentleg nettstad 2004. Blant desse var nynorskkommunane Høyanger, Kvam, Sauda, Stord og Årdal. Stord kommune vann prisen, som blei delt ut av Kommunal Rapport og Noreg.no.

Standard nettadresse er namn.kommune.no. Nedanfor er berre adresser med avvikande skrivemåte eller adressesystem tekne med.

117 nynorskkommunar og -fylke med nynorsk nettstad

Askvoll
Aukra
Aurland
Austevoll

Austrheim
Balestrand
Bjerkreim
Bokn
Bremanger
Bykle
Bø: bokommune.no
Bømlo: bomlo.kommune.no
Eid
Eide
Eidfjord
Etne
Fedje
Finnøy: finnoy.kommune.no
Fitjar
Fjaler
Fjell
Flora
Forsand
Fræna: frana.kommune.no
Fusa
Fyresdal
Førde: forde.kommune.no
Gaular
Giske
Gloppen
Gol
Granvin
Gulen
Haram
Hareid
Hemsedal
Herøy (Møre og Romsdal): heroy.kommune.no
Hjartdal
Hjelmeland
Hol
Hordaland fylkeskommune: hordaland-f.kommune.no
Hornindal
Hyllestad
Hægebostad: haegebostad.kommune.no
Høyanger: hoyanger.kommune.no
Jondal
Jølster: jolster.kommune.no
Klepp
Kvam
Kvinnherad
Kviteseid
Leikanger
Lindås: lindas.kommune.no
Lom

Luster
Lærdal: laerdal.kommune.no
Masfjorden
Meland
Midsund
Modalen
Møre og Romsdal fylke: mr-fylke.org
Naustdal
Nissedal
Norddal
Nord-Fron
Odda
Os (Hordaland)
Radøy: radoy.kommune.no
Samnanger
Sande (Møre og Romsdal): sande-mr.kommune.no
Sandøy: sandoy.kommune.no
Selje
Seljord:
Skjåk: skjak.kommune.no
Skodje
Sogn og Fjordane fylkeskommune: sf-f.kommune.no
Sogndal
Solund
Stord
Stordal
Stranda
Stryn
Sula
Suldal
Sund
Surnadal
Sveio
Sykkylven
Time
Tokke
Tysnes
Tysvær: tysver.kommune.no
Ullensvang: ullensvang.herad.no
Ulstein
Ulvik
Vaksdal
Valle
Vang
Vanylven
Vestnes
Vestre Slidre: vestre-slidre.kommune.no
Vik
Vindafjord
Vinje

Volda
Voss
Vågsøy: vagsoy.kommune.no
Vågå: vaga.kommune.no
Ølen: olen.kommune.no
Ørskog: orskog.kommune.no
Ørsta: orsta.kommune.no
Øygarden: oygarden.kommune.no
Øystre Slidre: oystre-slidre.kommune.no
Ål: aal.kommune.no
Åmli: amli.kommune.no
Årdal: ardal.kommune.no
Åseral: aseral.kommune.no

To nynorske fylkeskommunar med bokmålsnettstad

Telemark og Rogaland har nynorsk tenestemål, men praktiserer med stor konsekvens bokmål på nettstadene sine. Rogaland har tilbod om engelsk skjermmiljø, Telemark både engelsk og tysk.

To nynorskkommunar med bokmålsnettstad

Neset og Rennesøy har nynorsk som tenestemål. Nettstaden til Neset ser ut til å vere ein rein bokmålsnettstad, Rennesøy sin nettstad er tospråkleg.

To nynorskkommunar utan nettstad

Bygland
Osterøy

Kulturnett.no

Opna i 1998. Kulturnett.no er rekna som den offisielle inngangen til norsk kultur på Internett med sektorretta Biblioteknett, Arkivnett, Museumsnett og Kunstnett samla. Nettstaden manglar nynorsk skjermmiljø, men ha redaksjonelt stoff på begge målformer (sjå s. 47).

Her er informasjonssider om dei fleste musea i landet, saman med peikarar til dei musea som har eigne nettstader.

Relativt få museum er komne så langt at dei legg samlingar eller delar av samlingar ut på nettet, og det er vanskeleg å finne nynorskbrukande museum som bruker Internett til anna enn å informera om eigne aktivitetar og tilbod. Vi har vore innom sidene til Hardanger folkemuseum, Hordamuseet, Setesdalsmuseet, Sogn folkemuseum, Sunnfjord museum, Sunnmøre museum, Valdres folkemuseum og Voss folkemuseum, og det same biletet teiknar seg overalt: Mange sit på store og verdfulle samlingar og arkiv, men lite ser ut til å vere gjort for å gjere materialet tilgjengeleg på Internett. Det blir heile tida lagt opp til at publikum skal oppsøkje musea for å gjere seg nytte av materialet.

Det er altså eit gjennomgåande trekk at nynorskbrukande museum, og museum med viktige nynorske samlingar, ikkje bruker nettet i større grad. Eit døme er Asker museum, som har ansvaret for Labråten, heimen til Hulda og Arne Garborg. Museet har ikkje eigne heimesider, men presenterer årsprogrammet sitt på nettstaden til Asker kommune.

Kulturnett for heile fylka

Alt frå etableringsfasen blei det sett i gang fleire regionale prøveprosjekt. Nokre av desse er dei som framleis er lengst framme. Dei fylka som har utvikla eigne kulturnett, har inkludert arkiv, bibliotek, museum m.m. i heile fylket. To av dei viktigaste er nynorske:

- Kulturnett Hordaland
- Kulturnett Sogn og Fjordane, bl.a. med Kulturhistorisk atlas og leksikon for Sogn og Fjordane (sjå også s. 17)

NettBank

Bankane bruker minst to ulike datadriftssystem: EDB og DnB Nor.

EDB

På arbeidskonferansen kunngjorde Sparebanken Volda Ørsta at dei i samarbeid med Voss Sparebank og med språkhjelp frå Nynorsk kultursentrum og Voss Mållag har utvikla ein komplett nynorsk nettbank. Tenesta kom i drift 11. november 2004.

Dette vil vere standarden for den nynorske NettBanken hos EDB, tidlegare Fellesdata. I alt bruker 104 bankar nettbanktenester frå EDB. I dag er det bankane sjølve som avgjer målform i nettbanken. Intensjonen er å tilpasse datasystemet slik at kundens eigne val blir grunnlaget. Det vil innebere at kundar som ønskjer kontoutskrifter m.m. på nynorsk, også får nynorsk NettBank. Det vil utvide marknadsgrunnlaget for nynorsk vesentleg.

DnB Nor

19 bankar kjøper nettbankløysing frå DnB NOR. Ein av dei er Sparebanken Sogn og Fjordane. Tilbodet frå DnB NOR er på bokmål.

Sparebanken Sogn og Fjordane har omsett alle opne informasjonssider til nynorsk. Det er først og fremst på desse sidene det er tekst av noko omfang. Dessutan lagar banken mange eigne artiklar både om hendingar i fylket og aktivitetar som banken er med på. I det siste har vi også starta oppbygging av lokale sider, til dømes om ting og tang i Gloppen. Alt dette er på nynorsk. Også alle peikarar på tenestesidene i nettbanken, og etter kvart dei fleste tingingsskjema og kontraktar som ligg der, er omsette til nynorsk.

Derimot har banken ikkje fått tilgjenge til dei pålogga, såkalla sikre sidene der brukarane kan utføre tenester. Teksten på desse sidene, som oftast er berre nokre få liner, er dermed på bokmål. Desse sidene blir rekna som sensitive og er sette saman av kompliserte dataløysingar med mykje vedlikehald. Banken har motviljug akseptert at ein så langt ikkje får språkversjonere også desse sidene.

Nynorsk kultursentrum

aasentunet.no

Opna 29. april 2000. Arbeidet med nettstaden siktar mot desse måla:

- Jamleg oppdatert, minst ein gong i veka
- Rask nedlasting
- Aldri meir enn tre museklikk til enkeltdokumentet
- Gode peikarar som faktisk verkar
- Samordning med andre relevante basar og nettstader

- Ryddig, korrekt, klarert opphavsrett

Ved sida av vanleg bakgrunnsstoff, formell basisinformasjon av typen årsmeldingar og oversyn over styre og tilsette, og kommersielle tilbod med billettsal og nettbutikk, inneheld nettstaden bl.a.:

- Nytt frå Nynorsk kultursentrum
- Kulturprogram
- Talar og artiklar av tilsette, bl.a. alle årstalane om tilstanden for nynorsk skriftkultur
- Notat og utgreingar, bl.a. serien Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet
- Nyttig om nynorsk (svært uferdig)
- Stoffarkiv frå første dag

Nettstaden hadde hausten 2004 20 000 unike treff i månaden. Sidan opninga våren 2000 har over 400 000 brukt tenestene på nettstaden, og for kvar vanleg gjest på arrangement eller utstillingar har Nynorsk kultursentrum no ti nettstadgjester.

Redaksjon: Ottar Grepstad (ansvarleg), Gaute Øvereng (redaktør), Eirik Helleve og Kirsti Langstøyl.

Nettbiblioteket

Nynorsk kultursentrum har sidan hausten 2002 bygt opp Nettbiblioteket på www.aasentunet.no. Dette er det største nettbiblioteket med litterære tekstar på nynorsk. Frå 7.11.2002 tok Nynorsk kultursentrum over nettstaden Den elektroniske bokhylla. Den nettstaden inneheldt då 256 tekstar. Tekstane derifrå er framleis grunnstammen i Nettbiblioteket, som hausten 2004 inneheld:

- Skrifter i samling av Ivar Aasen, medrekna brev og dagbøker
- Årleg oppdatert Ivar Aasen-bibliografi for skrifter om Ivar Aasens liv og verk, førebels med om lag 350 innførslar
- Arne Garborgs dagbøker 1905-1923
- Over 850 tekstar av om lag 115 forfattarar
- Korte leksikonartiklar om nesten alle desse forfattarane, som regel med portrett

Prosjektleiar: Eirik Helleve

Nynorsk faktabok

Nynorsk faktabok er den mest omfattande statistiske dokumentasjonen som er utarbeidd for eit mindre brukt språk av ein ikkje-offentleg institusjon.

Nynorsk faktabok 1998 blei gitt ut av Nynorsk Forum i april 1998, trykt i 200 eks. Opplaget er no utselt. Opphavsretten til materialet i bearbeidd form ligg hos Ottar Grepstad. Materialet er i praksis, men ikkje formelt, overført kostnadsfritt til Nynorsk kultursentrum.

I 1998-utgåva var det 133 tabellar. Seinhaustes 2002 publiserte Nynorsk kultursentrum alle tabellane og dei samlande kommentarane frå 1998-utgåva på www.aasentunet.no.

Prosjektleiar: Ottar Grepstad

Ordspelet

Dette er eit enkelt dataspel om ord og ordtydingar, utvikla av Nynorsk kultursentrum med støtte frå Kulturnett Norge. Av tekniske grunnar er nettstaden for tida ute av drift.

Oppslagsverk

Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane: nrk.no/sfj/leksikon

Arbeidet tok til i 2000 ut frå mål om å drive allmennkringkasting og folkeopplysning i Sogn og Fjordane, styrkje fylkesidentiteten og lage ein kunnskapsbase til bruk for NRK-redaksjonen.

Tanken var å lage kortfatta stoff i 10-15 artiklar om alle dei 26 kommunane i fylket. Dei siste kommunane kom på plass i 2003. No er det inntil 200 artiklar om kvar kommune og til saman 4500 skjermisider. For kvar kommune er desse ordna i 12 hovudemne, med særleg vekt på omtale av enkeltpersonar, enkeltinstitusjonar og enkelthendingar:

- Generell historie
- Politisk historie
- Krigshistorie
- Næring
- Kyrkjer
- Samferdsle
- Skular
- Media
- Kjende personar
- Attraksjonar
- Videoopptak
- Lydopptak

I tillegg er det laga ein del temasider som inneheld alle oppslaga om eitt emne. Alle former for lister er sorterte kronologisk.

Kriteriet for omtale av personar har vore at dei skal ha gjort noko som står att i historia etter dei når dei døyrr. For politikarar gjeld dette til dømes vedtak som har forma samtida og historia. Ein har samstundes tenkt pragmatisk at det er betre med for mykje enn for lite.

Leksikonet er utan eksterne peikarar, er ikkje redigert i databaseformat, men bruker gjeldande publiseringsverktøy for nrk.no.

Prosjektet blei finansiert med 500 000 i eksterne midlar (200 000 frå nrk.no, 150 000 frå Sparebanken Sogn og Fjordane og 150 000 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune) i tillegg til mykje som har gått av driftsbudsjettet til NRK Sogn og Fjordane. Det er ikkje sett av midlar til vidare utvikling frå og med 2005. Vedlikehaldet er no ein del av det daglege arbeidet, men på sparebluss.

Redaksjon: Ottar Starheim, Arild Nybø.

Norsk Ordbok 2014: no2014.uio.inl

Opna mars 2003. Dette er ei ordbok over det nynorske skriftspråket og det norske folkemålet. Det blir det største norske ordbokverket når det er ferdig. Arbeidet blei sett i gang i 1930. Første del av første bandet låg føre i 1950, til hundreårsjubileet for Ivar Aasens *Ordbog over det norske Folkesprog*, og første bandet var komplett 1966.

Norsk Ordbok er ei vitenskapleg og historisk dokumentasjonsordbok. Redaksjonen kartlegg skriftformer i eit historisk perspektiv, utbreiing av ord i eit geografisk perspektiv, og dei ulike dialektvariantane. Redaksjonen lagar definisjonar og analyserer tydingsrelasjonar.

Norsk Ordbok har gjennomført fleire store digitaliseringsprosjekt:

- *Grunnmanuskriptet* er eit ordbokmanuskript med 113 000 oppslagsord på 13 500 A4-sider som redaksjonen i Norsk Ordbok laga i 1930-åra på grunnlag av alle dei største ordbøkene og med definisjonar på nynorsk. Digitaliseringa tok til sommaren 1991 i samband med det nye Dokumentasjonsprosjektet ved Historisk-filosofisk fakultet, Universitetet i Oslo. Grunnmanuskriptet var ferdig digitalisert seinhaustes 1992.
- *Setelarkivet til Norsk Ordbok* inneheld 2,9 mill. setlar med informasjon om tyding og bruk av enkeltord i skrift og tale, som truleg utgjør mellom 200 000 og 300 000 oppslagsord. Digitaliseringa tok til i august/september 1992 og var ferdig i 1998. Forvaltninga og utviklinga vidare tek Eining for digital dokumentasjon (DOK) ved Universitetet i Oslo seg av.

- *Sentrale nynorske skrifter* er under digitalisering til det store tekstkorpuset Norsk Ordbok treng. Særleg interessant er bladet Fedraheimen, utgitt 1877–91. Dette var den viktigaste publikasjonen på nynorsk mellom Dølen i 1860-åra og Den 17de Mai frå 1894 av. Norsk Ordbok har til no digitalisert sju av 15 årgangar.

Etter at Stortinget hadde slutta seg til hovudsynspunkta i *St.meld. nr. 22 (1999-2000)*

Kjelder til kunnskap og oppleving blei ordboksarbeidet omorganisert til eit større prosjekt i 2002:

- Finansiering
- Ny styringsmodell
- Databaserte arbeidsrutinar effektiviserte arbeidet kraftig
- Mange nye stillingar

Nynorskordboka: dokpro.uio.no/ordboksoek.html

På grunnlag av dei innhaldsrike arkiva i Norsk Ordbok laga redaksjonen i Norsk Ordbok i tidsrommet 1974–86 *Nynorskordboka*. Denne kom i første utgåva i 1986, med nye utgåver i 1993 og 2001.

Frå 1994 har Nynorskordboka vore tilgjengeleg på Internett. Det finst ingen andre slike nynorske ordbøker på Internett. Det er framleis 1993-utgåva som ligg på nettet, med høve til parallellsøk også i *Bokmålsordboka*. Tenesta er gratis.

Nynorsk Wikipedia: <http://nn.wikipedia.org>

Wikipedia er generelt presentert på s. 38.

Nynorskversjon kom i gang 31. juli 2004 og er etter vel tre månader komen opp i nær 1200 artiklar. Om lag 2000 personar gjer minst 100 oppdateringar kvar i den engelske versjonen kvar månad. 800 arbeider med den tyske, 80 med bokmålsversjonen og 4 med nynorskversjonen. Redaksjonsmiljøet kan ikkje garantere for kvaliteten på enkeltartiklane, men prøver å vurdere og kontrollere nytt stoff.

Nynorsk redaksjon: Jarle Fagerheim, Guttorm Flatabø, Bjarte Sørensen og Olve Utne.

Organisasjonar

Ivar Aasen-sambandet: ivaraasen.no

Nettstad med lite innhald utanom ein kort presentasjon av varianten høgnorsk og av organisasjonen, der det m.a. heiter: "Ivar Aasen-sambandet er landssamskipnaden for aasenvenene og vestmennene – høgnorskfolket. Sambandet vart skipa i 1965 og skiparane meinte at Noregs Mållag resignera og godtok at nynorsken skulde gjerast til eit underbruk av det dei kalla det danske målet i Noreg. Etter ein uppheta målstrid på 1950-talet fekk den sokalla riksmålsreaksjonen tvinga fram at samnorskstrevet skulde stogkast. Ei rad former som skulde vera like i bokmål og nynorsk fekk no hava tradisjonelle bokmålsformer, medan bokmålsformene vart pressa inn i nynorsken. Ivar Aasen-sambandet ynskjer å atterreisa eit norskrøtt skriftmål som kann vara lengje i landet. Me vil hava målvokster på heimlege, norske røter og hev arbeidt med å hevda det me kallar for høgnorsk."

Redaksjon: Sergej Munkvold

Bondeungdomslaget i Oslo: bul.no

Den noverande nettstaden blei oppretta i 2001. Før det hadde BUL ei anna heimeside. Omlegging er i arbeid.

Redaksjon: Lagsstyret v/dagleg leiar (ansvarleg), Jorunn Amundgård. Særлага redigerer sine egne sider.

Kringkastingsringen: kringkastingsringen.no

Aktuell stoff om media med nyheiter, kommentarar, analysar, og komplett oversyn over vinnarar av Kringkastingsprisen, og med grunngevingar frå og med 2001. Tidlegare nummer av medlemsbladet *Kringom* blir publiserte på nettstaden i ettertid.

Redaksjon: Tormod Strømme

Landssamanslutninga av nynorskkommunar: lnk-nytt.no

Opna 10. oktober 1996. Nettstaden er laga for medlemmene og inneheld stoff som er relevant for medlemmene deira og tilsette i desse kommunane og interkommunale føretaka, og med relevant bakgrunnsinformasjon om organisasjonen LNK. Nettstaden er også blitt eit nyheitsorgan for kommunalt tilsette. Stoffarkiv frå april 2001. Spesialpresentasjonar av enkeltkommunar. Nettstaden har det beste peikaroversynet med om lag 200 peikarar som blir jamleg kontrollerte. Nettstaden blei utvikla av Vidar Høviskeland i 1996 og lagd heilt om 1. mars 2002.

Redaksjon: Einar Schibeveag (ansvarleg), Malin Tvedt Petterson

Noregs Mållag: nm.no

Opna september 1999. Nettstaden er primært laga for vaksne målinteresserte. Organisasjonsstoff og mykje stoff om aktuelle politiske saker. Vignetten "Offentleg målbruk" inneheld til dømes peikarar til alle relevante stortingsdokument som har med denne saka å gjere. Kan elles vere vanskeleg å finne fram. Har lite historisk basisinformasjon om Noregs Mållag. Oppdateringa av stoffet verkar å vere nokså uregelmessig. Omfattande peikarliste til andre nynorsktiltak.

Redaksjon: Gro Morken Endersen (ansvarleg), Hege Lothe, Marit Aakre Tennø (vikar)

Noregs Ungdomslag: norung.no

Opna 1996. Organisasjonsstoff og informasjon om aktuelle hendingar og tilskipingar i organisasjonen. Relevant basisinformasjon om organisasjonen, men mest til intern bruk: lite stoff for målgruppa ungdom. Nettstaden blei lagd kraftig om i 2001, og ei ny omlegging blir avslutta januar 2005.

Redaksjon: Marit Jacobsen (ansvarleg), Tina Vilenica

Norsk Målungdom: nynorsk.no/nmu

Opna kring 1994. Nettstaden er laga for å verve fleire medlemmer. Organisasjonsstoff og ganske gode bakgrunnsider om overordna tema av typen "Kva er nynorsk?" Gir også gode opplysningar om dei språklege rettane til elevar og studentar. Svært svak på organisasjonens nære og fjerne fortid.

Redaksjon: Ulike nettredaktørar for enkeltsidene. Kvart lokallag svarar sjølve for sine sider.

Norsk Plan Nynett: norsk-plan.no

Enkel nettstad for konsulentfirma som tilbyr tenester innanfor det meste som har med informasjon og informasjonsformidling å gjera. Dette gjeld alt frå planar og utgreiingar, og sponsorarbeid, via utvikling av innhald og struktur, framlegg til grafiske og tekniske løysingar og fram til ferdiggjering, anten det gjeld elektroniske løysingar eller tradisjonell trykksakproduksjon. Norsk Plan tilbyr elles rådgjeving og kursverksemd, redigerer LNK-nytt og LNK-avisa for Landssamanslutninga av nynorskkommunar, og har driftsansvar for nett-tidsskriftet Magasinett. Hovudmålgruppene er kommunar, lokalaviser og organisasjonar.

Norske Lagsbruk: lagsbruk.no

Opna 1998. Nettstad om og for medlemsverksemdene i Norske Lagsbruk, dvs. kaffistover m.m.

Redaktør: Nils Seland

Pedagogiske tilbud for barn og unge

Mange forlag har utvikla egne nettstader for læreverka sine. Desse er ikkje tekne med. For døme, sjå s. 21.

Bærum kommune: ressursbase for sidemålsundervisning

<http://www.baerum.kommune.no/category.php/category/Nynorskprosjekt/?categoryID=6737>

Nettsida blei oppretta 2004, og er laga av lærarar ved ungdomsskulane i Bærum. Utgangspunktet var at det blei gjort mykje godt arbeid ved dei ulike skulane, men at der var for lite utveksling av gode og mindre gode erfaringar. Ressursbasen inneheld såleis mange konkrete undervisningsopplegg og litteraturtips.

DialektXperten: dialektxperten.no

DialektXperten er eit interaktivt dialektkurs. Det starta ved Vennesla vidaregåande skole i 2002, og dei arbeider med å gjere prosjektet meir nasjonalt. Startside er på bokmål, og der skriv dei mellom anna at ein nynorskversjon kjem på plass "i løpet av kort tid". Sjølve kurset finst på begge målformer. Nynorsk kultursentrum var med i delar av utviklingsarbeidet i 2004. Innhaldet på sidene blir utvida ved at skular sender inn lydopptak av lokale dialektar, slik at sidene på sikt vil dokumentere dialektar frå heile landet.

Direktoratet for naturforvaltning

Direktoratet har laga ein nettstad som gjennomfører eit tospråkleg tilbud på nynorsk og bokmål. Dei legg vekt på å gjere kjent kva rettar barn og unge har til å vere med i arbeidet når kommunen planlegg kva areala i kommunen skal brukast til.

Garborgnett.no

Stiftinga Garborg-året 2001 utvikla denne nettstaden med tanke på tilbud og aktivitetar i skulen. Nynorsk kultursentrum overtok nettstaden 1. januar 2002, men har ikkje hatt kapasitet til å arbeide særskilt med denne nettstaden sidan. Nettstaden er for tida ute av drift.

GREI: tekstlab.uio.no/grei

Dette er eit grammatikkspel for elevar, utvikla med nynorsk- og bokmålsversjon. Det er spesielt laga for elevar frå 5. klasse på barnesteget til og med 3. klasse i vidaregåande skule. Spelet er utvikla av Tekstlaboratoriet ved Universitetet i Oslo med støtte frå Læringsssenteret. Det byggjer på VISL, eit prosjekt ved Syddansk Universitet i Danmark, og har ein VISL-peikar som gir spel og analysar for 20 andre språk.

Interaktivt kurs i nynorsk: sprakrad.no

Kurset blei lansert hausten 2004. Det er laga av Trine Gedde-Dahl og Jon Grepstad, og er særleg retta mot elevar i vidaregåande skule med nynorsk som sidemål. Kurset er sett saman av grammatikk, tekstar, øvingar og tilleggsstoff, og kan brukast anten i skuleundervisning eller som sjølvstudium.

Leik og lær: sprakrad.no

Øvingar i rettskriving og språkkunnskap der ein kan teste kunnskapane sine i rettskriving og språkkunnskap. Her er det også øvingar, blant anna frå bokmål til nynorsk.

Magasinett: magasinett.no

Opna oktober 1996. Magasinett var i førstninga eit tiltak i regi av Noregs Mållag. Det blei seinare skilt ut som eiga stifting. Elektronisk tidsskrift for elevar og lærarar i ungdomsskulen og

vidaregåande skule, med vekt på nyhende, artiklar og kommentarstoff. Ny utgåve kvar fjortande dag.

Redaktør: Aud Marit Hauge

Nynorsk+: 2skolenettet.no/nynorskpluss

Opna 11. mars 2003. Nettbasert læremiddel i nynorsk for innvandrarak og flyktningar, utvikla a CyberBook i samarbeid med Gloppen opplæringscenter. Nynorsk+ har fleire hundre sjølvrettande oppgåver, artiklar, videosnuttar og ordlister på 28 ulike språk.

Pirion: pirion.no

Kulturavis for barnehagar. Nettstaden er ein vanleg kommersiell nettstad med enkelt informasjon om enkeltnummera.

Skolenettet: skolenett.no

Opningssida til denne portalen er på bokmål, men i dei vidare inngangane kan brukarane velje mellom nynorsk og bokmål, men funksjonen er ustabil. Nettstaden er delt i fem etter målgruppene:

- Elevar 1.-7. steg
- Elevar 8.-10. steg
- Elevar vgs
- Lærarak og leiarar
- Foreldre

Foreldre-stoffet er Foreldreutvalget i grunnskolen, FUG, som er fri for nynorsk.

Presse

67 aviser er redigerte på nynorsk eller på nynorsk og bokmål. Av desse er det 17 aviser som ikkje har nettutgåve pr. 1.11.2004 og 10 aviser som ikkje publiserer nyheitssaker i nettutgåvene sine. Dei 67 lokalavisene (medrekna Dag og Tid) utgjer over 30 % av alle norske avistitlar. Berre ei av desse avisene krev betaling for bruk av nettutgåva.

40 av 67 nynorskaviser er på nett med nyhende. Det utgjer om lag 60 prosent av nynorskavisene. Det er ulikt kva dei ulike avisene har på nettsidene sine. Nokre nettaviser er veldig gode, slik at ein kan leite opp informasjon om området dei held til i, og kan vere nyttige informasjonssider i tillegg til dei aktuelle sakene. Dei fleste har ein eller annan form for søkefunksjon på sidene sine, og lenkjer til dei kommunane dei dekkjer.

Mykje av det nynorske stoffet i dei trykte utgåvene kjem ikkje med i nettutgåvene. I 2002 rekna ein med at berre ein femtedel av alt nynorskstoffet i aviser blei publisert i nettutgåvene.

17 av dei 67 avisene er språkblanda. Det vil seie at dei har om lag like mykje nynorsk og bokmål. Desse er merkte med * nedanfor, på grunnlag av sjølvrapportering til Mediebedriftenes Landsforening og/eller Landslaget for lokalaviser.

Dag og Tid: dagogtid.no

Nettstaden inneheld utdrag frå kvart nummer av avisa, for tida om lag åtte artiklar kvar gong. Dette utvalde tekstarkivet går tilbake til 1996.

Redaksjon: Svein Gjerådaker (ansvarleg),

Norsk Barneblad: norskbarneblad.no

Opna 1.9.1999. I tillegg til utdrag frå kvart nye nummer, som no kjem ein gong i månaden, er dette ein nettstad for barns eigenaktivitet med ein god del nyttestoff, spel m.m.

Redaksjon: Nana Rise-Lynum

nynorsk.no

Norsk målungdom (NMU) kjøpte domenet våren 1998 for å utvikle ei nynorsk startside eller ein nynorsk nettportal. Etter kvart er NMU blitt ein passiv eigar. Nokre få personar står for den redaksjonelle drifta som fullt ut er dugnadsbasert: Ragnhild Bjørge, Erik Bolstad og Vidar Lund.

Nettstaden er i dag den fremste nyheitssida om saker som gjeld nynorsk. Kvar veke kjem det inn til 25 nye oppslag på sida. Det opne arkivet går tilbake til 3.3.2000. Hausten 2004 hadde nettstaden om lag 8000 unike treff i månaden.

Redaksjon: Nettredaktør ikkje formelt oppnemnd.

Nynorsk Pressekontor: npk.no

Opna oktober-november 1997 etter at NPK i 1990 hadde teke til med elektronisk distribusjon via NTB. Betalingsteneste for medieverksemdar. Redaksjonen legg vekt på distrikts- og kulturstoff.

Redaksjon: Arne Sigurd Haugen (ansvarleg, konstituert)

Syn og Segn: samlaget.no/synogsegn

Enkel nettstad om tidsskriftet med nokre få artiklar frå kvart nummer i fullversjon.

7 språkblanda riks- og regionaviser med nettutgåver

Bergens Tidende

Haugesunds Avis

Klassekampen

Nationen

Stavanger Aftenblad

Sunnmørsposten

Vårt Land

Ikkje alle desse er formelt redigerte på begge målformer, til dømes Bergens Tidende, men i praksis er det tospråklege.

49 lokalaviser med nettutgåver

*Bygdanytt, Arna, Hordaland

<http://www.bygdanytt.no/>

Bygdaposten for Hjelmeland, Rogaland

<http://www.bygdaposten.no/> -

Bygdebladet, Sjøholt, Møre og Romsdal

<http://www.bygdebladet.com/> -

*Bygdebladet for Randaberg og Rennesøy, Rogaland

<http://www.bygdebladet.no/>

Bømlø-nytt, Hordaland

<http://www.bomlo-nytt.no/>

*Drangedalsposten, Telemark <http://www.drangedalsposten.no/> -

*Driva, Sunndalsøra, Møre og Romsdal

<http://www.driva.no/> -

*Dølen, Vinstra, Oppland

<http://www.dolen.no/>

Firda, Førde, Sogn og Fjordane

<http://www.firda.no/>

Firda Tidend, Sandane, Sogn og Fjordane

<http://www.firdatidend.no/> -

Firdaposten, Florø, Sogn og Fjordane

<http://www.firdaposten.no/>

Fjordabladet, Eid, Sogn og Fjordane

<http://www.fjordabladet.no/> -

Fjuken, Skjåk, Oppland

<http://www.fjuken.no/>

*Gjesdalsbuen, Ålgård, Rogaland

<http://www.gjesdalbuen.no/>

Grannar, Etne, Hordaland

<http://www.grannar.no/>

Grenda, Rosendal, Hordaland

<http://www.grenda.no/>

Hallingdølen, Ål, Buskerud

<http://www.hallingdolen.no/>

*Hardanger Folkeblad, Odda, Hordaland

<http://www.hardanger-folkeblad.no/>

Hordaland, Voss, Hordaland	http://www.avis-hordaland.no/
*Jærbladet, Bryne, Rogaland	http://www.jbl.no/
Kvinnheringen, Husnes, Hordaland	http://www.kvinnheringen.no/
Marsteinen, Austevoll, Hordaland	http://www.marsteinen.no/
Møre-Nytt, Ørsta, Møre og Romsdal	http://www.morenytt.no/
Nordhordland, Isdalstø, Hordaland	http://www.nordhordland.no
Os og Fusaposten, Os, Hordaland	http://www.osogfusa.no -
Ryfylke, Sauda, Rogaland	http://www.ryfylke.net/
Samningen, Samnanger, Hordaland	http://www.samningen.no/
Setesdølen, Bygland, Vest-Agder	http://www.setesdolen.no
Sirdølen, Tonstad, Vest-Agder	http://www.sirdolen.no/
Sogn Avis, Leikanger, Sogn og Fjordane	http://www.sognavis.no/
Storfjordnytt, Norddal, Møre og Romsdal	http://www.storfjordnytt.no/
*Strandbuen, Jørpeland, Rogaland	http://www.strandbuen.no/
Strilen, Isdalstø, Hordaland	http://www.strilen.no/
Suldalsposten, Sand, Rogaland	http://www.suldalsposten.no/
Sunnhordland, Stord, Hordaland	http://www.sunnhordland.com/ -
Sunnmøringen, Stranda, Møre og Romsdal	http://www.sunnmoringen.no/ -
Synste Møre, Fiskå, Møre og Romsdal	http://www.synste.no/
*Trønderbladet, Melhus, Sør-Trøndelag	http://www.t-a.no/
Tysnes, Hordaland	http://www.tysnesbladet.no/
Vaksdalposten, Hordaland	http://www.vaksdalposten.no/
*Valdres, Fagernes, Oppland	http://www.avis-valdres.no/
Vestavind, Sveio, Hordaland	http://www.vestavind-sveio.no/
*Vestnesavisa, Møre og Romsdal	http://www.vestnesavisa.no/
Vestnytt, Straume, Hordaland	http://www.vestnytt.no
Vest-Telemark Blad, Kviteseid, Telemark	http://www.vtb.no/
*Vigga, Dombås, Oppland	http://www.vigga.no/
Vikebladet Vestposten, Hareid og Ulsteinvik, Møre og Romsdal	http://www.vikebladet.no/
Øyavis, Midsund, Møre og Romsdal	http://www.oyavis.no/
*Åndalsnes Avis, Åndalsnes, Møre og Romsdal	http://www.andalsnes-avis.no/ må betale

17 lokalaviser utan nettutgåve

* Birkenesavisa
 Bø Blad, Telemark
 Fjordingen, Stryn, Sogn og Fjordane
 *Gaula, Melhus, Sør-Trøndelag
 Haramsnytt, Brattvåg, Møre og Romsdal
 Hordaland Folkeblad, Norheimsund, Hordaland
 Møre, Volda, Møre og Romsdal
 *Nordvest-Nytt, Nord-Smøla, Møre og Romsdal
 Ostringen, Osterøy, Hordaland
 Sulaposten, Langevåg, Møre og Romsdal
 Sykkylvsbladet, Sykkylven, Møre og Romsdal
 Tysvær Bygdeblad, Grindafjord, Rogaland
 Vestlandsnytt, Fosnavåg, Møre og Romsdal
 Ytre Sogn, Høyanger, Sogn og Fjordane
 Øy-Blikk, Valderhaug, Møre og Romsdal
 Øyposten, Finnøy, Rogaland
 Årdal og Lærdal Avis, Årdal, Sogn og Fjordane

Radio og fjernsyn

NRK: nrk.no

NRK er den einaste store medieredaksjonen på riksnivå som bruker begge målformer på nettstaden sin. Målforma vil som regel vere knytt til den journalisten som har saka og som i etterkant lagar teksten til nettstaden. Bokmål dominerer stort, men nynorskstoff frå nokre av distriktskontora veg opp litt.

Nynorsk mediesenter: nynorskmediesenter.no

Opna 1.9.2004. Nynorsk mediesenter blei opna i september 2004 og er i første omgang eit utdannings- og kurstilbod i regi av NRK. Kwart år blir ti nynorskpraktikantar utdanna frå senteret. Nettstaden gir no mest bakgrunnsstoff, men vil bli bygd ut etter kvart.

Redaktør: Magni Øvrebotten

Statsforvaltning

Domstolane: domstol.no

Portal til alle domstolane som er på Internett; alle er ikkje der enno. Domstolane publiserer blant anna ei rekkje rettsdokument, og er på den måten ein svært viktig del av den norske rettsstaten. Norske domstolar har tradisjonelt vore svært bokmålsorienterte og har lite å slå i bordet med når emnet er mållova. Denne nettstaden tilbyr i det minste val av fire språk i skjermmiljøet: nynorsk, bokmål, samisk, engelsk. Nokre av dokumenta i inngangsportalen er på nynorsk.

Eigarskapstilsynet: eierskapstilsynet.no

Inngangsspråket er bokmål, men nettstaden har også nynorsk som val. Då endrar både skjermmiljøet og ein del andre tekstar straks over til nynorsk, rett nok med vekslende språkleg kvalitet.

Fylkesmannen: fylkesmannen.no

Portal til fylkesmannsembeta. Regionaliseringa av statsforvaltninga på dette nivået inneber at det skal vere nynorsk på nettstadene til fylkesmannen i dei fire nynorskfylka. Og det er det.

Høgsterett: hoyesterett.no

Etter inngangsside på bokmål kjem brukaren til ei side der fire språk er jamstelte: nynorsk, bokmål, engelsk, samisk. På nettstaden dominerer som venta bokmål, men rammeverket er framifrå.

Lotteritilsynet: lotteritilsynet.no

Dette er neppe ein spesielt publikumsretta nettstad, men verkeområdet for tilsynet gjer at mange vil ha nytte av nettstaden i kraft av arbeidet sitt i friviljug organisasjonsliv m.m. Skjermmiljø og redaksjonsspråk er nynorsk. Dette er den einaste nettstaden der brukaren må klikke på BOKMÅL for å få ei anna målform.

Noreg.no: noreg.no

Nettportal i tre språkutgåver: nynorsk, bokmål, engelsk. Denne portalen www.noreg.no blei lansert 24. januar 2000, etter at Regjeringa og styret i Kommunenes Sentralforbund (KS) hadde vedteke at det skulle etablerast ein felles inngang til all offentleg informasjon på Internett. Tenesta skal medverke til at forvaltninga står fram som heilskapleg. Både borgarane og forvaltninga er målgrupper for tenesta. Den 1. januar 2002 blei Opplysningstenesta i staten (tidlegare Statens

informasjonsteneste) samlokalisert med redaksjonen i www.noreg.no. Desse to tidlegare instansane utgjer i dag den offentlege informasjonstenesta Noreg.no.

Den tospråklege nyheitssida er felles for nynorsk og bokmål, her er 25 temasider på nynorsk og mykje stoff om offentleg forvaltning. Det ser sett opp tre mål:

- Noreg.no skal gjere det enklare for brukarane å finne fram til offentlege tenester og offentleg informasjon.
- Noreg.no skal stimulere til at fleire offentlege instansar kjem på Internett.
- Noreg.no skal medverke til å auke kvaliteten på dei offentlege tenestene på Internett.

Denne publikumstenesta gir opplysningar om offentlege verksemder, lover, reglar, plikter og rettar, og hjelper brukarane med å finne fram til rett offentleg kontor. Noreg.no har dessutan ansvaret for å utarbeide kvalitetskriterium for offentlege nettsider. Portalen har hatt 65 mill. treff på enkeltsider til no.

Redaktør: Ove Nyland. Noreg.no er i dag styrt av Moderniseringsdepartementet (MOD), medan Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvaret for den daglege drifta og utvikling av portalen www.noreg.no. AAD har avgjort at Noreg.no skal bli ei eiga verksemd frå 1. januar 2005.

Norsk kulturråd: kulturrad.no

Institusjonen er svært viktig for aktørar på alle nivå i norsk kulturliv og har difor eit breitt nedslagsfelt på brukarsida. Norsk kulturråd arbeider med ni saksfelt. To av desse ni er omtalte på nynorsk på nettstaden. I det andre stoffet dominerer bokmål heilt.

Norsk språkråd: sprakrad.no

Nettstaden blei lagd om i oktober 2004 og er både innhaldsrik og brukarvennleg. Heile startside er språkøytral, og institusjonen veksler godt mellom nynorsk og bokmål i alt stoff. Dette er nok den einaste offentlege nettstaden som fullt ut praktiserer språkleg jamstilling.

Odin – regjeringa og departementa: odin.dep.no

Portalen har i fleire år hatt løysinga med at brukaren kan velje nynorsk i staden for standardspråket bokmål. Valet endrar menyoverskrifter, men ikkje dei redaksjonelle tekstane. Her dominerer bokmål slik ein kjenner det frå offentleg tilgjengeleg statistikk om målbruken i departementa.

Riksutstillingar: riksutstillinger.no

Som Lotteritilsynet har denne nettstaden nynorsk skjermmiljø, men her veksler ein mellom dei to målformene i dei redaksjonelle tekstane. Dermed er Riksutstillingar med og utvidar bruksområdet for nynorsk på eit emnefelt der bokmål har hatt eit særeige kulturelt hegemoni.

Statens lånekasse: lanekassen.no

Opningssida er på bokmål, men gir valet mellom nynorsk og bokmål. Til skilnad frå mange andre nettstader fører val av NYNORSK til at også svært mange redaksjonelle tekstar då ligg føre i den målforma.

Statistisk sentralbyrå: ssb.no

Nettstaden har ikkje NYNORSK som val for skjermmiljø, men byrået bruker ein god del nynorsk i presentasjonen av statistisk materiale, også utanfor dei emneområda der nynorsk er mest etablert.

Teater

Det Norske Teatret: detnorsketeatret.no

Nettstad primært for billettsal. Lett og oversiktleg informasjon om dei stykka teatret spelar no, og om stykka som har stått på speleplanen dei siste åra. Dei biografiske omtalane av skodespelarane varierer mykje i omfang og kvalitet. Svært lite bakgrunnsstoff om institusjonens lange historie. Mange og gode peikarar til teater både i Noreg og verda.

Hordaland Teater: hordaland-teater.no

Nettstad med vekt på det aktuelle repertoaret, med informasjon om dei stykka teatret spelar no, og om stykka som har stått på speleplanen tidlegare. Noko bakgrunnsstoff om verksemda frå skipinga i 1988.

Sogn og Fjordane Teater: softeater.no

Nettstad med vekt på det aktuelle repertoaret, med informasjon om dei stykka teatret spelar no, og om stykka som har stått på speleplanen tidlegare. Noko bakgrunnsstoff om verksemda frå skipinga i 1977.

Ymse

Folkedans: folkedans.com

Innhaldsrik nettstad med nytt om tradisjonsmusikk, tradisjonsdans og bunader. Ein god del biografisk stoff og mykje anna bakgrunnsstoff. Nettstaden er eit privat initiativ.
Redaktør: Vebjørn Bakken

Tre norskspråklege oppslagsverk på Internett

Det finst mange digitale leksikon på Internett som kan brukast mot betaling. Blant desse er *Store Norske leksikon* med over 145 000 artiklar og *Microsoft Encarta* med om lag 40 000 artiklar.

Det finst også nokre leksikalske gratistenester på nettstaden. To av desse er på norsk: *Caplex* og *Wikipedia*. *EB Internet Guide* er ein portal med heile 125 000 peikarar – delar av dette er gratis. *Encyclopedia.com* inneheld 17 000 artiklar.

Dessutan finst det mange nettstader med ordbøker. Nettstaden ordnett.no er ein nettstad med abonnement der ein kan søke ubegrensa på ord og artiklar i Kunnskapsforlaget's ordbøker *Bokmålsordboka* (65 000 oppslagsord), *Fremmedord blå ordbok* (28 000 oppslagsord), *Norske synonymmer blå ordbok* (23 000 oppslagsord), *Engelsk-norsk blå ordbok* (88 000 oppslagsord), *Norsk-engelsk blå ordbok* (65 000 oppslagsord), *Norsk Riksmålsordbok I-VI* og i *Språkvett* med artiklar om språkbruk og rettskriving. I tillegg har nettstaden dei opne tenestene *Kryssord*, *Kryssordhjelp* og *Språk-FAQ*. Det er mogleg å søkje eit avgrensa tal gonger i *Bokmålsordboka* og *Norsk Riksmålsordbok I-VI* utan å registrere seg.

Det er også mogleg å søkje i *Bokmålsordboka* via fellessøket til *Nynorskordboka* (sjå s. 29). Og så er der fleire mindre nettstader med ordboksstoff, til dømes på sprakrad.no.

På Internett finst det tre norskspråklege leksikontilbod: to til fri bruk og eitt betalingstilbod.

Caplex

Den femte utgåva av *Caplex* blei utgitt i trykt form hausten 2004. Denne utgåva inneheld 45 000 oppslagsord, 1000 fleire enn den førre utgåva i 2001. På desse tre åra er over 90 prosent av artiklane lesne og eventuelt reviderte. Cappelen har til no brukt om lag 25 mill. kr på å utvikle leksikonet til dagens nivå.

Caplex har vore tilgjengeleg i komplett Internett-versjon sidan august 2000. Nettversjonen inneheld 64 000 oppslagsord. I oktober 2004 brukte 267 000 *Caplex* på Internett. Desse brukte 2,2 mill. sidevisingar, som svarar til 6,4 mill. treff. Nettbrukarane kan i tillegg til dei enkelte oppslagsorda også dra nytte av utdjupande temaartiklar (81 pr. 10. november 2004, éin ny kvar månad).

Redaksjon: Solveig Wikstrøm

Store Norske

Leksikonet kom på Internett i 2000 og bygde då på 3. utgåva frå 1995-99 av det trykte leksikonet. Dette er ei betalingsteneste som i 2003 hadde 250 000 brukarar. Dei fleste av desse er skular, bibliotek, høgskular og universitet, og offentlege institusjonar. ABM-utvikling forvaltar til dømes ein konsortieavtale for folkebibliotek. I tillegg er det 3000 private abonnentar.

Nettleksikonet blir jamleg oppdatert; det gjeld særleg det såkalla signalstoffet av aktuell karakter. Abonnentane har no tilgjenge til over 145 000 oppdaterte artiklar, bilete, tabellar og kvalitetssikra Internett-peikarar.

Med støtte frå Fritt Ord kjem ei ny trykt utgåve i 2005-06. Første utgåva kom i åra 1978-81 etter at Aschehoug og Gyldendal hadde slått saman dei to leksikonredaksjonane sine.

Wikipedia

Wikipedia blir marknadsført med slagordet ”det frie oppslagsverket”. I dette ligg at det er basert på open kode og fri lisens, slik Linux også er. Innhaldet er lisensiert under GNU Free Documentation License. Dette gjer det mogleg fritt å bruke, redigere, kopiere og redistribuere innhaldet så lenge andre kan arbeide på same måte med det stoffet som er gjenbrukt.

Namnet tyder snøggleksikon; ”wiki” er eit hawaiiisk ord som tyder ”veldig rask”.

Arbeidet med den engelske versjonen tok til i januar 2001 i regi av Jimmy Wales. No er det versjonar på bort imot 20 språk. Blant desse er både nynorsk og bokmål. Drifta står Wikipedia Foundation for.

Den engelske versjonen inneheld no 380 000 artiklar, den tyske 160 000, bokmål 11 000.

Både skrivning og oppdatering er reint dugnadsarbeid. Publiseringstøyet er svært enkelt å bruke. Kven som helst kan skrive inn ein ny artikkel eller redigere det som alt er publisert. Heile skrivehistoria til kvar artikkel med tidlegare versjonar er tilgjengeleg for alle. Ingen artiklar er signerte, og den som skriv ein artikkel, kan la vere å identifisere seg.

Dei redaksjonelle retningslinjene som skribentane blir oppmoda om å følgje, legg vekt på nøytral framstilling og at alle ulike synspunkt skal formidlast. Dette føreset stor redaksjonell kapasitet.

Regjeringa og Stortinget om digitale kunnskapsressursar

I perioden 2001-2005 har det til og med oktober 2004 kome ti merknader og vurderingar av saka i stortingsmeldingar, statsbudsjett og komitéinnstillingar. I tillegg har kultur- og kyrkjeministeren to gonger teke opp saka i større foredrag. Den første merknaden frå ein stortingskomité om digitale kunnskapsressursar på nynorsk kom i desember 2001.

Statsrådar

Kultur- og kyrkjeminister Valgerd Svarstad Haugland i tale på landstinget til Landssamanslutninga av nynorskkommunar 24.4.2003

Den siste tida har det kome fram leseundersøkingar som syner at tiåringar med nynorsk som hovudmål, ikkje les så godt som jamaldrande med bokmålsbakgrunn. Dette kan ha fleire årsaker, men eg trur undersøkinga bør vera ei påminning om kor mykje det har å seia at det finst rikeleg med lesestoff på nynorsk for barn. For å verta trygg på sitt eige må ein ha tilgang til sitt eige. Det gjeld for lesing så vel som for skrivning. Difor forstår eg argumentasjonen bak det som frå nynorskmiljøa er definert som det nye viktige tiltaket: eit allment nynorsk leksikon på Internett.

Kultur- og kyrkjeminister Valgerd Svarstad Haugland i tale på årsmøtet til Det Norske Samlaget 27.4.2002

...det er heilt avgjerande at nynorsk får digitale uttrykk.... Staten har eit særleg ansvar for at behovet for produksjon av elektronisk innhald på nynorsk blir tilgodesett. Det må vere reell likestilling mellom språkformene i digitale medium, ikkje minst i dei elektroniske kunnskapsbasane som no er under planlegging.

Statsbudsjett

St.prp. nr. 63 (2001-2002) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2002 [revidert nasjonalbudsjett], 7.5. 2002

Internettbasert kunnskapsportal

I Budsjett-innst. S. nr. 2 (2001-2002) uttalte familie-, kultur- og administrasjonskomiteen følgende:

”Komiteen mener det er viktig å sikre at Norge opprettholder en nasjonal kunnskapsbase. Komiteen viser til at Kulturdepartementet har utlyst en anbudskonkurranse der staten kjøper tilgang til en større kunnskapsbase for bibliotek- og undervisningssektoren. Komiteen mener vi trenger en nasjonal kunnskapsbase, og at dette ikke synes mulig uten et offentlig engasjement. Foreløpig er det ikke et sterkt nok nettmarked til at dette kan sikre tilstrekkelige inntekter. Komiteen ber Regjeringen legge til rette for at det opprettes en nasjonal kunnskapsbase.”

Representantene Trond Giske og Vidar Bjørnstad fremmet i Dokument nr. 8:23 (2001-2002) følgende forslag:

”Stortinget ber Regjeringen sørge for at det opprettes en nasjonal kunnskapsbase”.

I Innst. S. nr. 77 (2001-2002) står det bl.a.:

”Flertallet mener at statens roller i forhold til nasjonale kunnskapsbaser, der en av rollene kan være å opprette inngangsportaler, bør ivaretas av et organ eksempelvis underlagt Nasjonalbiblioteket eller en annen passende institusjon. Det bør legges til rette for kunnskapsbaser som består av tett sammenkobling av nye og eksisterende norske baser og en eller flere inngangsportaler til disse.”

Regjeringen foreslår å opprette en internettbasert kunnskapsportal. En kunnskapsportal er et nettsted som viser videre til utvalgte kunnskapsressurser og som dermed gjør det enklere for brukerne å orientere seg i informasjonsflommen. Regjeringen mener at en slik portal er en effektiv måte å sammenstille offentlige og private kunnskapskilder. Forslaget innebærer ikke opprettelse av en nasjonal kunnskapsbase med henblikk på videreføring og vedlikehold av eksisterende kunnskapsbaser, jf. den intensjon som er nedfelt i Innst. S. nr. 77 (2001-2002). Forslaget vil omfatte begrenset frikjøp av kunnskapskilder i henhold til anskaffelsesregelverket, samt begrensede pilotprosjekter, bl.a. innen multimedia og for å fremme kunnskapsressurser på nynorsk og samisk.

Tiltaket foreslås organisert som et særskilt prosjekt som legges til Nasjonalbiblioteket og Læringscenteret i fellesskap. Det foreslås oppnevnt en bredt sammensatt referansegruppe. En brukerundersøkelse i skolesektoren og biblioteksektoren vil inngå i prosjektet som forventes å gi viktig kunnskap om ønsket kildetilfang i aktuelle sektorer. Prosjektet bør evalueres for å vurdere eventuell videreføring som ordinært tiltak i forbindelse med arbeidet med statsbudsjettet 2004.

Det er behov for en bevilgning på 7 mill. kroner til prosjektet i 2002. Virksomheter under Kultur- og kirke departementet og Utdannings- og forskningsdepartementet har nærmest kontakt med sentrale brukergrupper innen bibliotek og skole og bør forestå ledelsen av prosjektet. Som følge av dette foreslås bevilgningen fordelt med 3,5 mill. kroner på hver av de ovennevnte departementene, jf. omtale under kap. 202, post 01 ovenfor. Fremdriften i prosjektet kan bli noe endret som følge av at en ytterligere detaljutredning av prosjektet gjenstår. Det er derfor behov for å gjøre bevilgningen overførbar.

Det foreslås på denne bakgrunn en bevilgning i 2002 på 3,5 mill. kroner under kap. 326, ny post 76 Tilskudd til nettbasert kunnskapsportal.

Stortingsmeldingar

St.meld. nr. 48 (2003–2004) Kulturpolitikk fram mot 2014, august 2003

I 2013 er det 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd, og det tiåret som står att fram til dette jubileet, kan vera eit høveleg tidsperspektiv for eit meir systematisk arbeid med å styrkja den nynorske skriftkulturen. Eit slikt arbeid må skje over eit breitt felt, gjennom eit sampel mellom private og offentlege aktørar. Her skal berre nemnast nokre hovudpunkt av ambisjonar som det er naturleg å ta utgangspunkt i.

Ein ny offensiv for nynorsk målbruk i staten vart varsla i St.meld. nr. 9 (2001-2002) Målbruk i offentlege teneste og vil krevja intensivert innsats i lang tid framover. Det same gjeld arbeidet med språkleg jamstilling innanfor informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Eit stort prosjekt er planane om ein allmenn elektronisk kunnskapsbase på nynorsk. Fleire offentlege støtteordningar av allmenn karakter har særleg mykje å seia for den nynorske skriftkulturen, mellom anna pressestøtta, innkjøpsordninga for litteratur og anna. Og ikkje minst vil arbeidet med ei betre sidemålsundervisning i skulen høyra med som eit viktig grep innanfor ein offensiv handlingsstrategi.

Stortingskomitear

Innst. S. nr. 268 (2003-2004) frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen om kultur for læring, juni 2004

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, vil peke på viktigheten av at det blir satset målrettet på utvikling av kunnskapsstoff på Internett, jf. Innst. S. nr. 77 (2001-2002). Det haster med å etablere en nasjonal kunnskapsbase gjennom en Internettportal. Denne må sikre likestilt bruk av begge målformer. Disse medlemmer vil i denne sammenhengen peke på det ansvaret staten har for å sikre likeverdige læringsvilkår i utdanninga. I ei tid der digitale læringsressurser spiller en stadig viktigere rolle er tilgangen til nettbaserte innholdsressurser på eget mål sentralt for å kunne sikre reell språklig likestilling.

Innst. S. nr. 255 (2003-2004) frå kommunalkomiteen til kommuneproposisjonen, mai 2004

Komiteen viser til dei respektive partia sine merknader og forslag om nasjonal kunnskapsbase og læremidlar under handsaminga av St.meld. nr. 30 (2003-2004). Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, viser til at ein stram kommuneøkonomi gir utslag for høvet til språkleg jamstilling i kommunane. Fleirtalet vil peike på Soma skule i Sandnes kommune som eit døme på omlegging frå nynorsk til bokmål som eit tiltak for å berge skulen.

Fleirtalet vil også vise til at Landslaget for Nynorskkommunar (LNK) på høyringa i komiteen sa at fleire kommunar strevar med å tilsetje personell som skriv det valde administrasjonsmålet og at resultatet i fleire tilfelle vert vedtak om språkleg nøytralitet. Fleirtalet viser vidare til at LNK i høyringa understreka behovet for forsterka innsats for å gi retten til språkleg jamstilling eit reelt innhald og at deira ynske var ei eingongsløyving på 10 mill. kroner til eit nettbasert nynorskleksikon. Fleirtalet vil be departementet medverke til at berørte departement vurderer ulike tiltak i samband med statsbudsjettet for 2005. Fleirtalet ber også om at det i kommuneproposisjonen for 2006 vert orientert om tilstanden når det gjeld nynorskbruk i skular og kommunar. Medlemene i komiteen frå Høgre og Kristeleg Folkeparti viser til St.meld. nr. 30 (2003-2004) der det vert foreslått ulike tiltak for å styrke nynorskpråket si stilling i samfunnet. Innst. S. nr. 255 – 2003-2004 53

Innst. S. nr. 155 (2003-2004) frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om kulturpolitikk fram mot 2014, mars 2004

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet viser til at digitaliseringen gir nye muligheter for at kunnskap og informasjon kan spres til langt flere og gjeres mer tilgjengelig. For å bidra til dette bør det opprettes en digital nasjonal kunnskapsbase, et «leksikon» på nett som gjeres tilgjengelig for skoler, institusjoner, organisasjoner, bedrifter og privatpersoner. I informasjonssamfunnet har man fortsatt et stort behov for å kunne finne og benytte seg av redaksjonelt behandlet og kvalitetssikret informasjon på sentrale tema.

Disse medlemmer fremmer derfor følgende forslag:

«Stortinget ber Regjeringen sørge for at det blir opprettet en digital nasjonal kunnskapsbase.»

(Framlegget fall med 57 mot 44 røyster.)

Desse medlemene [Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet] vil vidare vise til planane Nynorsk kultursentrum og Det Norske Samlaget har for eit allment Internett-leksikon på nynorsk. Etter desse medlemene si oppfatning kan desse planane sameinast med, og bør inngå som ein del av det målretta arbeidet for nynorsk skriftkultur som det tas til orde for i meldinga.

Budsjett-innst.S.nr.12 (2003-2004) frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen, desember 2003

Flertallet [H, KrF, V, SP, SV, Ap] vil peke på det ansvar staten har for å sikre likeverdige læringsvilkår i en tid der digitale læremiddel stadig blir viktigere og der det satses bevisst på å utvikle lærestoff på Internett. Det er viktig at også nynorskbrukere har tilgang på kvalitetssikrede kunnskapskilder i elektronisk form.

B.innst. S. nr. 12 (2002–2003) frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen, desember 2002

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet viser til Innst. S. nr. 77 (2001-2002) om opprettelsen av en nasjonal kunnskapsbase hvor komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, ber departementet arbeide for å etablere nasjonale kunnskapsbaser og orientere Stortinget i egen melding eller på annen passende måte. Disse medlemmer ber departementet følge opp i Revidert nasjonalbudsjett for 2003 med en redegjørelse for status og videre fremdrift.

B.innst. S. nr. 2 (2002-2003) frå familie-, kultur og administrasjonskomiteen, desember 2002

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet viser til Innst.S.nr.77 (2001-2002) der flertallet ba Regjeringen arbeide for å etablere nasjonale kunnskapsbaser. Disse medlemmer viser til behandlingen av Revidert nasjonalbudsjett for 2002 og forliket mellom regjeringspartiene og Fremskrittspartiet, der disse partiene vedtok at prosjektet med internettbasert kunnskapsportal ikke skulle igangsettes i 2002. Disse medlemmer fastholder behovet for en snarlig realisering av en nasjonal kunnskapsbase slik at prosjektet ikke kommer på etterskudd med vedlikeholdet og oppdatering av eksisterende kunnskapsbaser som skal kunne inngå i prosjektet. Disse medlemmer har merket seg at kun 6 % av norske nettsider er tilgjengelige på nynorsk. Disse medlemmer mener en nasjonal kunnskapsbase skal ivareta den språkpolitiske målsetningen om likestilling mellom bokmål og nynorsk. Disse medlemmer foreslår derfor:

« Stortinget ber Regjeringen igangsette arbeidet med nettbasert kunnskapsportal i 2003 i tråd med Stortingets vedtak i Innst.S.nr.77 (2001-2002), og komme tilbake til Stortinget med saken i løpet av vårsesjonen 2003. »

Innst. S. nr. 77 (2001–2002) frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen 17. januar 2002

Flertallet [alle unnateke Frp] ber Regjeringen sørge for at de språkpolitiske målsettingene om likestillingen mellom våre to målformer ivaretas ved etableringen av nasjonale digitale kunnskapsbaser.

B.innst. S. nr. 2 (2001–02) frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen, desember 2001

Komiteen mener det er viktig å sikre at Norge opprettholder en nasjonal kunnskapsbase. Komiteen viser til at Kulturdepartementet har lyst ut en anbudskonkurranse der staten kjøper tilgang til en større kunnskapsbase for bibliotek- og undervisningssektoren. Komiteen mener vi trenger en nasjonal kunnskapsbase, og at dette ikke synes mulig uten et offentlig engasjement. Foreløpig er det ikke et sterkt nok nettmarked til at dette kan sikre tilstrekkelige inntekter. Komiteen ber Regjeringen legge til rette for at det opprettes en nasjonal kunnskapsbase.

[Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet] forutsetter at både bokmål og nynorsk blir brukt i en offisiell finansiert kunnskapsbase slik departementet tidligere har lagt opp til.

Språk og målformer på publikumsretta statlege nettstader

Nynorsk kultursentrum har hausten 2004 sett nærmare på målform og språkbruk på 75 publikumsretta offentlege nettstader. over halvparten av desse publikumsretta offentlege nettstadene er så godt som fri for dokument på nynorsk. Heile 43 av 75 offentlege nettstader for eit breitt publikum kan erklærast som nynorskfri sone. Dei fleste publikumsretta offentlege nettstadene gjer ikkje som Stortinget seier. Vedlegg 2 gir eit enkelt oversyn over desse 75 nettstadene.

Mange statsetatar er blitt regionaliserte. Typisk for desse er at dei regionale einingane blir prega av den sentrale hovudetaten i språkspørsmålet. Det viser bl.a. att på nettstader i helse- og sosialsektoren.

Diverre er det dei siste åra sett i verk ei rekkje nye Internett-baserte tiltak i statleg regi. Ingen av dei inkluderer dei språkpolitisk baserte løysingane som regjeringa og Stortinget har føresett. Med enkle grep kunne ei rekkje viktige og publikumsretta nettstader fått den språklege balansen som er føresett. Staten bruker samla sett store summar på dei mange nettstadene sine. Uhyre lite av dette kjem nynorskbrukarane til gode.

Det er blitt nødvendig å rydde opp i dette.

Det har ikkje mangla på innspel eller påminningar. I innspelet sitt til handlingsplanen for norsk elektronisk innhald skreiv Norsk språkråd til Nærings- og handelsdepartementet 23. januar 2002:

Språkrådet vil understreke at språkmateriale både på bokmål og nynorsk må gjøres tilgjengelig i elektronisk form, og om nødvendig må det iverksettes spesielle tiltak for å sikre nynorskens plass i de nye mediene.

Den dokumentasjonen som følgjer nedanfor, syner at slike tiltak no må til.

Skjermmiljø og redaksjonelt språk

Med journalistiske metodar har vi vurdert både skjermmiljøet og det redaksjonelle språket på nettstadene. Det redaksjonelle språket er viktigast, men målform i skjermmiljøet er eit klart uttrykk for nettstadens forhold til den språkdelte norske kulturen og eit viktig signal om at nynorsken ikkje må gøymast bort. Om dette heiter det i den nyaste mållovsmeldinga, i *St.meld. nr. 9 (2001-2002)*:

Det er viktig at ikkje berre ein del av det vekslande tilfanget er på nynorsk, men at også ein del av dei faste tekstane og menyane blir laga på nynorsk, slik at begge dei offisielle målformene er klart synlege på nettsidene.

Og i kulturmeldinga, *St.meld. nr. 48 (2002-2003)*, står det:

Dersom eit statstilknytt organ driv aktivitetane sine over heile landet eller i prinsippet vender seg til heile landet, skal allment informasjonstilfang som vert lagt ut på Internett, avspeгла at landet har to offisielle målformer, anten ved at tekstane finst både i bokmåls- og nynorskversjon, slik at ein kan velja målform ved å klikka på bokmål eller nynorsk, eller ved at minst fjerdeparten av tekstane er på nynorsk, eventuelt på bokmål.

I begge desse sakene slutta stortingsfleirtalet seg til synspunkta frå regjeringa.

Ni nettstader som stort sett held mål

Av 75 offentlege nettstader som vi har sett på, er det ni som ser ut til å halde mål i sin eigen målbruk:

- Domstolane
- Eigarskapstilsynet
- Høgsterett
- Lotteritilsynet
- Noreg.no
- Norsk språkråd
- Riksutstillingar
- Skolenettet
- Statens lånekasse

Fleire av dei institusjonane som står bak desse nettstadene, har leiarar eller sentrale medarbeidarar med sin bakgrunn frå det nynorske. Oppfølging av gjeldande offentlig språkpolitikk er jo ikkje ei sak berre for nynorskbrukarane blant oss.

Stortinget og regjeringa sine nettstader

Odin: odin.dep.no

Éin nettstad som burde ha vore sjølvskriven på ei topp ti-liste, er regjeringa og departementa sin eigen nettstad, Odin. Nettstaden fyller kravet til skjermmiljø, men på langt nær for det redaksjonelle stoffet.

Stortinget: stortinget.no

Endå verre er det at Stortinget sin eigen nettstad neglisjerer det som det er politisk semje om på dette punktet.

65 nettstader med lite nynorsk

21 nettstader med bokmål som heilt dominerande målform

Vidare er der 20 nettstader med berre bokmål i skjermmiljøet sitt. Blant desse er viktige nettstader som Foreldreutvalet for grunnskulen, Likestillingsombodet, Skatteetaten, Statens pensjonskasse og Utdanningsdirektoratet. Fleire av desse har enkeltdokument på nynorsk, men det redaksjonelle språket er i all hovudsak bokmål.

42 nettstader med bokmål og engelsk, men ikkje nynorsk

Heile 41 offentlege nettstader tilbyd publikum eit valfritt skjermmiljø på bokmål – eller engelsk. Blant desse er Aetat, Forbrukarrådet, Husbanken, Nasjonalgalleriet, Norsk kulturråd, NSB, Posten, Samordna opptak (til høgskular og universitet), Sosial- og helsedirektoratet og Trygdeetaten. Typisk for desse er at det ser ut til å vere endå færre nynorske dokument på desse nettstadene enn på dei som har berre bokmål. Der engelsk kjem inn, renn nynorsken ut. Riksteatret er kanskje ikkje blant dei viktigaste publikumsretta nettstadene, for her er lite anna enn vanleg produktinformasjon. Det er likevel interessant å sjå at denne statsinstitusjonen gjennomfører bokmål på nettstaden sin, jamvel med engelsk i nokre av kommandoane.

Uforståeleg nok hamnar Sivilombodsmannen i denne gruppa. Sivilombodsmannen er Stortingets ombodsmann for forvaltninga. Nettstaden er sterkt prega av bokmål, med engelsk som mogleg skjermmiljø. Dokument for å leggje fram ei klage ligg føre på begge målformene, men andre spor av gjeldande lovverk finst ikkje hos Sivilombodsmannen.

2 nettstader med bokmål, engelsk og samisk, men ikkje nynorsk

Det gjer inntrykk at det er Barneombodet og Den norske Kyrkja som står på den korte lista over norske offentlege nettstader som bruker bokmål, engelsk og samisk i sine skjermmiljø, men ikkje nynorsk. Det finst ein del nynorske dokument på nettstaden kirken.no. Til gjengjeld finst det knapt noko som helst på nynorsk på Barneombodet sine nettsider. Barneombodet tek ikkje omsyn til behova som nynorskbrukande barn har, og lagar dermed ei ekstra språkspærre i høve til å ta kontakt.

eNorge 2005

IT-planen eNorge blei første gongen lagd fram av regjeringa Stoltenberg i 2000, og har vore framstilt som det viktigaste samordningstiltaket for elektronisk innhald på norsk.

I 2002 tok regjeringa Bondevik initiativ til ei ny utgåve i regi av Nærings- og handelsdepartementet. Til dette arbeidet kom det innspel frå fleire nynorskinstitusjonar. Nynorsk kultursentrum la i innspela sine vekt på at godt elektronisk innhald på nynorsk berre kan realiserast gjennom definerte løyvingar frå det offentlege. Fleire andre nynorskinstitusjonar kom med liknande synspunkt og framlegg.

Departementet la fram handlingsplanen eNorge 2005 i mai 2002. Elektronisk kvalitetsinnhald på norsk blei no ei viktig uttrykk. Eitt av dei tre overordna måla var deltaking og identitet: "Alle skal kunne utnytte informasjonsteknologiens muligheter, og IT skal bidra til å bevare og videreutvikle vår kulturarv, identitet og våre språk." Fleirtalsforma våre språk er interessant: Ein ville altså sikre det språklege mangfaldet. På tiltakslista var det ført opp tiltak av typen Internett-basert kunnskapsportal, med eit pilotprosjekt om å fremje digitale kunnskapsressursar på nynorsk (sjå s. 56).

I seinare ikt-politiske handlingsplanar frå regjeringa Bondevik har denne språkdimensjonen falle ut. Språkpolitisk sett nærmar difor eNorge seg det uinteressante. Eit døme på det er ei brukarundersøking frå hausten 2002 på skular og bibliotek som bl.a. skulle gi "en indikasjon ... på kildebehov som ønskes dekket gjennom digitale medier". På møte i Kultur- og kyrkjedepartementet i august 2003 spurde vi om språkspørsmålet var teke med i undersøkinga. Vi skulle få svar etter møtet, men har inkje høyrte. Vi reknar med at det inneber fråvær av språkspørsmål i undersøkinga.

Nærings- og handelsdepartementet la fram den nyaste statusrapporten i mai 2004. Her er fleire område framheva der det må "legges inn ekstra innsats for å bli betre". Språkdelen av saka er ikkje med på den lista. Til det vidare arbeidet er det etablert eit eNorge-forum med fem kvinner og sju menn. "Det nylig oppnevnte e-Norge forumet er en viktig premissleverandør for mitt arbeid framover," sa statsråd Morten Meyer ved eit høve. Vi kan ikkje sjå at nokon av dei har arbeidd med språkpolitiske spørsmål. Forumet hadde første møtet sitt i september 2004.

Arbeidet har nettstaden eNorge.org, og det ligg no under Moderniseringsdepartementet. Skjermmiljøet er på bokmål, engelsk, tysk og fransk. Det finst altså ikkje noko eNorge 2005.

Nye offentlege nettstader utan språklege omsyn

e-Norge er inga eineståande sak. Stortinget, regjeringa og forvaltninga har dei siste åra sett i verk fleire større saker som kan bli viktige tiltak for innhaldet på Internett. Det ser diverre ut til at *ikkje ei einaste* offentlig nysatsing på det digitale feltet dei siste åra har teke språklege omsyn. Nedanfor nemner vi berre nokre slåande døme:

Altinn: altinn.no

Ordinær drift tok til i januar 2004.

”Altinn er en portal - et felles nettsted - for innlevering av offentlige skjemaer på Internett. Altinn er et samarbeid mellom flere offentlige etater som innhenter data fra bedrifter og privatpersoner. Det var Skatteetaten, Statistisk sentralbyrå og Brønnøysundregistrene som tok initiativ til Altinn. Senere er også Statens lånekasse og Konkurransetilsynet blitt med. Flere andre etater er i ferd med å slutte seg til Altinn. Grunntanken bak Altinn er at offentlige skjemaetater samarbeider om å lage en felles kanal for innrapportering til det offentlige i stedet for å lage hver sin løsning. [...] Allerede ved lanseringen ved årsskiftet inneholdt løsningen over 80 skjemaer som utgjør over 60 prosent av oppgavebyrden overfor næringslivet. [...] Prosjektet med å få Altinn "på lufta" varte i ett og et halvt år, fra høsten 2002 til våren 2004. Prosjektet holdt seg godt innenfor både tids- og budsjettammer. [...] Altinn er et viktig skritt på veien mot en døgnåpen elektronisk forvaltning.”

Slik presenterer Altinn seg på Internett. Vi har ikkje funne noko nynorsk der.

Kulturnett Norge

Dette skal vere den offisielle inngangsdøra til norsk kultur på Internett (sjå s. 25).

ABM-utvikling har teke over drifta av Kulturnett Norge. Dette har vore ei prestisjesatsing frå Kultur- og kyrkjedepartementet si side. Ein del av det redaksjonelle innhaldet er på nynorsk, men etter det vi veit, har forvaltningsorganet ABM-utvikling til no gjort lite for å oppfylle dei krava til skjermmiljø som er nedfelte i mållovsmeldinga. Det seier sitt at språkleg jamstelling ikkje er definert som eitt av prinsippa for Kulturnett Norge.

Det blir lagt ned eit stort arbeid i bruk av såkalla emnekart på nettstaden. Denne løysinga skal gjere det lett å tilpasse informasjon til ulike brukarbehov, men røynslene er blanda for brukarane.

Miljøverndepartementet

Departementet har laga ei enkel nettside for skuleelevar og studentar som viser vidare til andre sider for barn og unge. Ingen av dei har nynorskstoff.

Norsk digitalt bibliotek

Sommaren 2002 la ABM-utvikling fram ei utgreiing om Norsk digitalt bibliotek. Utgreiinga tematiserte ikkje spørsmålet om målformer. Utvalsleiar Helge Salvesen sa seg lei for dette då Nynorsk kultursentrum tok kontakt med han same dagen som utgreiinga var lagd fram. Prosjektet blir no gjennomført av ABM-utvikling. Dette nettbiblioteket skal få innhald frå ulike kjelder, tilby brukarane av bibliotektenester eitt sett med tenester av typen fellessøk, og ha sitt eige brukargrensesnitt og rammeverk.

På møte mellom Nynorsk kultursentrum og leiinga i ABM-utvikling 27. april 2004 kom det fram at ein enno ikkje hadde gripe tak i spørsmålet om målformer. ABM-utvikling lova at dette ville skje. Meir veit vi ikkje, og vi uroar oss.

Uroa aukar når vi går gjennom materiale frå konferansen *Den digitale perleporten* som ABM-utvikling arrangerte i Oslo 10. mai 2004. Der var det heller ingen språkperspektiv. Prosjektet

presenterer seg som brukarorientert, men overser på språkleg grunnlag store brukargrupper. Språkleg jamstelling blir heller ikkje rekna med når ein listar opp utfordringar.

Universitetsbiblioteka sin nettportal

Universitetsbiblioteka starta hausten 2003 eit samarbeid om det som skal bli ein felles nettportal. Val av portalløysing skulle gjerast unna i mai 2004, men vi kjenner ikkje til kor saka står. I det vi har sett av krav til denne portalløysinga, er det språklege ikkje nemnt i det heile. Når "kunnskapsdatabase" er eit av krava, blir dette meir enn interessant. Viss den informasjonen stemmer som blei lagd på konferansen Den digitale perleporten 10. mai 2004, neglisjerer universitetsbiblioteka behova til både nynorskbrukande studentar og andre store brukargrupper.

Wernerweb

Riksantikvaren har laga ein nettstad for barn og unge som er ei rein bokmålsaffære.

Eit dusin argument for endring

Der er minst eit dusin gode grunnar til at det trengst tiltak som positivt diskriminerer nynorsk innhald på Internett:

- Demokrati
- Identitet
- Jamstelling
- Kulturarv
- Lekkasje
- Læring
- Mangfald
- Språkpress
- Status
- Terminologi
- Valfridom
- Ytringsfridom

Demokrati

Demokrati er å delta. Den som vil delta aktivt i eit moderne samfunn, må meistre språket. Då må det språket vere tilgjengeleg for alle. Slik var det ikkje i Noreg på 1800-talet. Skriftspråket var for eit mindretal. Mange sa at noko måtte gjerast, men det var Ivar Aasen som gjorde det. Etter kvart kunne derfor fleire bruke sitt eige skriftspråk og si eiga stemme, og fleire fekk røysterett. Å demokratisere språket var med på å demokratisere samfunnet. Dei mange røystene slapp til.

Ikkje noko medium for skrift er i nærleiken av å fungere så demokratiserande som Internett. Og ikkje noko medium har gjort det lettare for kven som helst å bruke sitt eige språk i skriftlege uttrykk. Nynorskbrukarane skal vere likeverdige deltakarar i denne demokratiseringa.

Identitet

Å halde på det nynorske språket er å bere på ein visjon. Den visjonen er at nynorsk skal bli ein sjølvsagd del av det norske. Då er det ikkje nok at nynorskbrukarar let vere å velje vekk. Då må også bokmålsbrukarar la vere å velje vekk.

Språk kan vere med og danne ein subjektivt opplevd fellesskap, ein førestelt fellesskap som så å seie er der utan å vere uttalt, men som dermed også kan bli verande vag og utflytande.

Ein slik fellesskap byggjer på ein kollektiv kulturell identitet. Dette har nær sagt til alle tider vore eit grunnleggjande trekk ved ulike samfunnstypar. Slike identitetar blir forma ved at ulike typar grenser blir trekte i høve til den sosiale omverda, og av det samhaldet som blir utvikla innanfor den fellesskapen slike avgrensingar formar. Dette føreset at dei som utgjer ein slik avgrensa fellesskap, finn viktige fellestrekk seg imellom.

Eit språk er med og formidlar visse kulturelle erfaringar, tradisjonar, oppfatningar. Men eit språk kan også vere med og forsterke og identifisere - så å seie peike på - slike kulturelle oppfatningar, tradisjonar og erfaringar.

Der finst mange sosiale og politiske skilnader nynorskbrukarar imellom, men dei har eitt fellestrekk i språket, og dette språket er ein integrert del av deira kvardag. Difor gir det meining å tale om ein kulturell kollektiv identitet hos nynorskbrukarar. Denne identiteten er meir kulturell enn nasjonalt orientert og fundert. Den tospråkspolitikken som offisielt er plattformen for norsk språkpolitikk i dag, er i røynda ei anerkjenning av nynorskbrukarens kollektive identitetar og dermed rettar.

Jamstelling

Eitt av dei få vedtaka i Stortinget som framleis er gyldige, er jamstellingsvedtaket frå 1885. Det innebar at dei to målformene som i dag heiter nynorsk og bokmål, blei jamstelte. Dette jamstellingsprinsippet har vore berejning for mange seinare åtgjerder, lover og regelverk.

Kulturarv

Nynorsk er meir enn eit språk. Nynorsk er ikkje berre ein skriftkode og ein variant av norsk, nynorsk er òg ein heil skriftkultur som har fått sitt kulturelle særpreg gjennom 150 års bruk og utvikling.

Den språkdeltede norske kulturen er ein kulturell allmenning, eit felleseige. Språk må difor forståast som noko meir enn eit kulturelt objekt. Språk representerer meningsrammer som alle er moglege, og som vi kan dele med kvarandre. Til ein viss grad representerer språk ein åndeleg fellehorisont som fleire kan dele. Dei to språklege hovudtradisjonane i Noreg er nasjonens felles tradisjon.

Denne kulturarven er ikkje noko vi nynorskbrukarar vil ha for oss sjølve. Vi vil at variasjonane i norsk skal opplevast som eit felles eige. Nynorsken høyrer altså ikkje berre nynorskbrukarane til.

Både den sitjande regjeringa og stortingsfleirtalet har lagt stor vekt på at det trengst ”kilder til generell kunnskap på norsk, samt kunnskap om Norge og norske forhold i et bredere perspektiv”. Dette handlar om ”å ta vare på vår felles nasjonale hukommelse”.

Store systematiske, kvalitetssikre og velredigerte kunnskapsbasar har lenge vore avgjerande for å sikre den felles kunnskaps- og kulturarven og kunnskapsproduksjonen i ein kultur og eit språksamfun. Tradisjonelt har dette skjedd i form av oppbygging av store leksikon. I dag er spørsmålet korleis ein kan sikre denne kunnskaps- og kulturarven i ei digital framtid. Dei teknologiske endringane gjer at problemstillinga ikkje lenger er korleis ein kan ta vare på denne arven gjennom *éi* kjelde, men gjennom eit nettverk og eit mangfald av innhaldsressursar – kunnskapsbasar – som best mogleg kan knytast saman og vere til nytte og glede for flest mogleg.

Lekkasje

Språkpresset mot nynorskbrukarar har vore der frå første stund då nynorsk blei eitt av dei to offisielle språka og ikkje lenger kunne bagatellisierast i alle samanhengar. Dette presset utløyser ein språkleg lekkasje som inneber at om lag kvar tredje nynorskbrukar skiftar til bokmål. Det er berre fire generasjonar som har fått skriftleg undervisning i nynorsk. Generasjonsskilja kan tidfestast til fødselsåra 1900, 1930, 1960 og 1990. Den nynorske lekkasjen har vore størst i dei to mellomgenerasjonane, og då særleg blant dei som er fødte mellom 1940 og 1970. Særleg mange av

desse blei bokmålsbrukarar, anten før dei var ferdig utdanna eller kort tid etterpå. Mykje av denne språklege lekkasjen kan tidfestast til ungdomsskulen og vidaregåande skule. Meir nynorsk innhald på Internett, det mediet som flest unge er heimekjende i, er ein nødvendig føresetnad for at det skal bli mogleg å redusere lekkasjen og dermed styrkje nynorsken og gjere det lettare å vere nynorskbrukar.

Læring

Innstillinga frå Søggen-utvalet ligg til grunn for *St.meld. nr. 30 (2003-2004) Kultur for læring*. Både utvalet og regjeringa har lagt til grunn at digitale læringsressursar i endå større grad enn lærebøkene kan bli premissgivande i opplæringa. Staten må difor sikre likeverdige læringsvilkår. Dette slutta Stortinget seg til i juni 2004. Dei skulereformene som blir gjennomførte frå og med skuleåret 2006/2007 fører med seg at elevane kjem til å skrive meir og i ulike sjangrar enn før.

I desse skulereformene vil dessutan det å kunne bruke digitale verktøy vere ei grunnleggjande ferdigheit på linje med lesing og skriving. Men dette dreiar seg om meir enn den tekniske ferdigheita. Å kunne bruke digitale verktøy har liten verdi for den som ikkje kan finne det aktuelle stoffet i den målforma vedkomande bruker.

Meir skriving og meir bruk av pc for å finne relevant informasjon gjer at nynorskbrukande elevar som ikkje finn nok av slikt i si eiga målform, blir negativt diskriminerte og blir utsette for eit uakseptabelt språkpress. Når elevane klipper bokmålstekst frå Internett til sine eigne arbeid, blir resultatet lett tekstar som er dårlege og bokmålsprega. Tilgjengelege digitale eller konvensjonelle oppslagsverk har heller ikkje den kulturelle referanseramma som mange nynorskbrukarar kjenner seg heime i.

Mangfald

Språk heng saman med kultur. Kultur heng saman med bruk, som skrivande, lesande og lyttande menneske.

Eit språkleg mangfald er nesten alltid uttrykk for andre skilnader i og mellom menneskegrupper. Det som gjerne blir omtalt i positive vendingar, som eit mangfald, kan altså innebere både svake og sterke motsetnader mellom slike grupper. Den positive overflata av myldrande og mangfaldig kulturliv kan løyne både urettferd og undertrykking.

For at *kulturelt mangfald* skal ha verdi, må det altså dreie seg om eit positivt kulturelt mangfald. Det inneber å møte kulturar du ikkje kjenner, og samstundes bli møtt med respekt. Vidare føreset mangfald eit ikkje-hegemonisk forhold mellom ulike kulturelle uttrykk. Det vil ikkje seie det same som at alt er like viktig eller uviktig. Ei slik forståing ville verke tilslørande på dei kulturelle maktstrukturane. I det ikkje-hegemoniske mangfaldet er der både dynamikk og spenningar. Mangfald er resultatet av ulike sosiale referansar og preferansar.

Språkpress

Norsk språk og kultur er under eit jamt aukande press utanfrå. Leksikon eller nasjonale kunnskapsbasar er svært viktige for å sikre norsk som fagspråk, særleg på dei mest utsette områda. Oppslagsverk som leksikon har vore og er svært viktige møteplassar mellom fagspråk og allmennspråk, og digitale kunnskapsbasar vil ha ein tilsvarande funksjon framover. Meir nynorsk i

samfunnet er med og styrkjer også bokmålet i høve til språkpresset utanfrå, og er med og held ved like den språklege dynamikken som trengst for å lykkast med mottiltak.

Status

Toleranse er éin ting, status noko anna. Den som skal velje å halde fast ved språket sitt, lever ikkje av toleranse åleine. Språk treng status og språk treng brukshøve. Viss fleire unge nynorskbrukarar blir verande nynorskbrukarar også i vaksen alder, kan det vere eit uttrykk for at nynorsk har fått høgare status. For å få det til trengst målretta styring i tråd med den politikken stortingsfleirtalet har slutta seg til.

Svært mange offentlege nettstader let vere å bruke nynorsk. Dette speglar ein språkleg negativ bedriftskultur og ei dominerande haldning i desse institusjonane og verksemdene. Ein elektronisk kunnskapsbase på nynorsk som gir status er nødvendig for at vi skal kunne endre denne negative kulturen.

Terminologi

Utviklinga av ny fagterminologi går raskare enn nokon gong. Behova endrar seg også raskt. Begge delar skaper vanskar for nynorskbrukarar når den aktuelle terminologien ikkje er utvikla på deira målform. Resultatet blir dårleg språk, lågare presisjonsnivå og språkleg frustrasjon. Digitale kunnskapsressursar på Internett blir ein nødvendig føresetnad for å rette på dette og for å styrkje nynorsk fagterminologi generelt. Samordning av slikt stoff på Internett vil opne ein ny og svært viktig arena for bruk vidareutvikling av nynorsk fagspråk. Internett blir ein møteplass mellom fagspråk og allmennspråk.

Valfridom

Individets valfridom står høgt på det politiske sakskartet og i jamt fleire samanhengar. Den enkelte skal sjølv kunne velje ut frå behov og interesser. I dette ligg ei grunnforståing av mangfald individa imellom. Nynorskbrukarane vel sjeldan å bli nynorskbrukarar, men dei vel ofte å bli verande nynorskbrukarar. Fridommen til å gjere eit slikt val er berre reell viss rammevilkåra for å bruke sitt eige skriftspråk er til stades. Særleg viktig er det å kunne bruke dette språket på dei arenaene der fleirtalet er å finne. Internett er den største av desse fleirtalsarenaene.

Ytringsfridom

Internett er eit medium. For alle medium gjeld ytringsfridommen. Tradisjonelt har ytringsfridommen vore knytt til innhald i snever forstand. Utanfor nynorskmiljøa er det til no få som har prøvt å forankre bruken av nynorsk i ytringsfridommen. Men språk er eit kulturelt fenomen, ikkje berre ein teknisk kommunikasjonsreiskap. Difor er retten til å bruke sitt eige språk ein nødvendig føresetnad for faktisk ytringsfridom. På Internett blir ikkje denne retten reell utan positiv diskriminering av nynorskbrukarane.

Nynorsk leksikon

På 1990-talet viste Det Norske Samlaget i fleire av søknadene sine om årlege statstilskot til behovet for å utvikle eit nynorsk oppslagsverk på Internett. Frå og med 1999 blei dette arbeidet gradvis systematisert i samarbeid med Nynorsk kultursentrum.

Prosjektering 2001-2004

Anbodskonkurransen 2001

Den 22. juni 2001 lyste regjeringa Stoltenberg but ein tilbudsopplauing om ein nasjonal kunnskapsbase med svarfrist 20. august. Prosjektet skulle vere i drift alt frå 1. januar 2002. I tilbudsopplauinga heitte det at tilbydarane måtte "vise hvordan hensynet til begge målformer er tenkt ivarettatt" og at "det skal vere søkemulighet på begge målformer". Saka var blitt utløyst av at Kunnskapsforlaget med det store leksikonverket Store Norske var i krise. I månadene før tilbudet blei lyst ut, hadde fleire nynorskinstitusjonar lagt vekt på det språkpolitiske overfor departementet. Det hadde også Norsk språkråd gjort.

Eitt av tilbuda kom frå gruppa Cappelen, Det Norske Samlaget, Nasjonalbiblioteket, NRK og Schibsted. Denne gruppa hadde fire strategiske samarbeidspartnarar – Accenture, LINO, Nasjonalbiblioteket og Nynorsk kultursentrum. I tillegg var Statistisk sentralbyrå med som underleverandør. Tilbydarane skreiv bl.a.:

"Tilbudet er utformet ut fra en bred forståelse av hva allmennkunnskap er: I informasjonssamfunnet er ikke lenger en autoritativ, endelig forståelse av fakta og kunnskap tilstrekkelig. Den gamle, encyklopediske tanken om at én kilde kan gi det endelige svaret er i stor grad forlatt. I tilegnelsen av kunnskap skal den enkelte lære å forholde seg til et kildemangfold og selv søke etter svarene gjennom å hente og veie flere kilder opp mot hverandre. Heri ligger selve hovedoppgaven til DNK: Å organisere og gjøre tilgjengelig informasjon fra flere kilder på en måte som enkelt gir brukeren kunnskap. Derfor legger DNK stor vekt på etterrettelighet og kvalitet i innhold og tilrettelegging for brukerne. DNK er en kunnskapsbase som er planlagt og utviklet multimedialt fra starten av. Basen er dermed ikke et illustrert leksikon, men et redaksjonelt integrert hele.

Et særlig siktemål ved DNK er vekten på den nasjonale kunnskapsarven. Gjennom blant annet leksikonartikler, fordypningsstoff og kildemateriale i flere medier får brukerne en unik mulighet til å skaffe seg kunnskaper om norsk historie, geografi, samfunnsliv, språk og kultur. Basen vil utvikle og lagre et slikt innhold i et digitalt format, og sikre adgangen til dette materialet for brukerne.

Det nasjonale siktemålet vil også bli ivarettatt gjennom tilrettelegging av basen på både bokmål og nynorsk. Målet er en kunnskapsbase der de to målformene er likestilte. Målet er videre å gi basen en redaksjonell profil som også ivarettar den nynorske kulturarven, ikke minst med tanke på at de viktigste målgruppene er å finne i utdanningssektoren. Denne løsningen sikrer en nasjonal kunnskapsbase som også er regional i sin karakter, slik at brukere i ulike deler av landet vil finne relevant informasjon om det rike mangfoldet innenfor norsk kultur og historie. DNK vil gjøre det lettere å være nynorskbruker og basen vil bli en ny kanal for det nynorske skriftspråket.

[...]

Vårt tilbud har følgende hovedtrekk:

- Rik multimedialitet og stort kildemangfold

- Tilbud til både bokmåls- og nynorskbrukere
- Stor faglig redaksjonell kvalitet som også vektlegger regionalt kultur- og samfunnsliv
- Åpen nettverksstruktur, med store tilpasningsmuligheter
- Brukervennlighet
- Bærekraftig økonomisk utvikling”

Etter regjeringsskiftet hausten 2001 la regjeringa Bondevik 8. november 2001 til sides planane om ein nasjonal kunnskapsbase. Det Norske Samlaget, Cappelen og Nynorsk kultursentrum etablerte då eit tett samarbeid. Det samarbeidet går no inn i fjerde året.

Forprosjekt 2002

Våren 2002 søkte Det Norske Samlaget og Nynorsk kultursentrum om midlar frå Kultur- og kyrkjedepartementet til eit forprosjekt, men fekk avslag. Verksemdene finansierte då eit sterkt avgrensa forprosjekt over eigne driftsbudsjett og engasjerte Oddmund L. Hoel til å lage utgreiinga *Nasjonal nynorsk kunnskapsbase*. Rapporten låg føre 1. juli 2002. I samandraget skriv Hoel:

”Denne rapporten skisserer korleis ein ”Nasjonal nynorsk kunnskapsbase” (NNK) kan byggjast opp. Det sentrale føremålet med NNK er å tilfredstilla eit stadig aukande behov for ei digital, oppdatert og kvalitetssikra kunnskapskjelde på nynorsk, særleg i skuleverket, men òg for nynorskbrukarar elles. Det har òg vore sentrale tildriv bak arbeidet med å få etablert ein slik kunnskapsbase at den nynorske skriftkulturen med sitt perspektiv skal få koma til orde att på brei front gjennom eit stort oppslagsverk, og å styrkja vilkåra for nynorsk fagspråk og gje nynorskbrukande fagfolk høve til å nytta sitt eige språk.

Alle små og mellomstore språk står andsynes store utfordringar, og særleg store er utfordringane for språk som lever i ein mindretalsposisjon, slik nynorsk gjer i dag. Etableringa av NNK vil vera eit av dei viktigaste tiltaka for det neste tiåret for å sikra nynorsk som allment bruksspråk i framtida, også for nye generasjonar.

I ein vidare samanheng vil NNK vera eit sentralt tiltak i arbeidet med å syta for å gjera norsk kvalitetssikra innhald tilgjengeleg på Internett. Kulturpolitisk har det dei siste åra vore lagt stor vekt på å sikra norsk språk og kultur i ei digital framtid, mellom anna gjennom oppbygging av ressursar på Internett. NNK er eit handfast og avgrensa tiltak som vil vera med på å realisera desse målsetjingane innanfor ein avgrensa tidshorisont, og det er framfor alt eit prosjekt som vil vera med på å dra nynorskbrukarane langt sterkare inn i satsinga på digitalt innhald.

Det vert i denne rapporten lagt opp til at ”Nasjonal nynorsk kunnskapsbase” skal ha to stolpar: Ein leksikalsk organisert base (”Samlex”) som skal vera eit ope, moderne og dynamisk nynorsk internetleksikon, og ei stor samling med digitale tekstressursar (”Nettbiblioteket”) som skal vera ei kjelde til viktige tekstar på nynorsk. Desse to stolpane vil bli etablerte som to integrerte nettstader. Ein kan velja å utvikla berre den eine av stolpane, eller utvikla dei kvar for seg, men rapporten argumenterer for at det er store fordelar knytte til å kunna utvikla dei som to delprosjekt innanfor ei samla satsing.

Sentrale redaksjonelle satsingsfelt for NNK vil vera norsk språk, litteratur, historie, kultur og tradisjonar, lokalt og regional informasjon, media og informasjonsteknologi, språklege og kulturelle tilhøve globalt, samiske emne og nynorsk skriftkultur. NNK skal vera ein base om allmenne emne på nynorsk, og det skal vera ein base der ein finn opplysningar om nynorsk.

”Samlex” vil byggja på Cappelens nettleksikon Caplex. Dei 65 000 artiklane i Caplex vil bli omsette til nynorsk, og det vil bli bygt ut med stoff frå eksisterande oppslagsverk og med nyskrivne artiklar. I rapporten er det gjort framlegg om å ta inn *ni* eksisterande verk med totalt kring 120 000 oppslagsord/artiklar, attåt *Nynorskordboka* (90 000 oppslagsord) som alt er tilgjengeleg i nettutgåve. Vidare er det gjort framlegg å få skrive 3000 nye utdjupande artiklar om dei prioriterte emna. I tillegg vil det vera kring 6500 bilete/illustrasjonar.

Samarbeidet med Cappelen sikrar at Samlex-redaksjonen ikkje treng bruka kreftene og ressursane på å få etablert ein base med den mest grunnleggjande informasjonen, men kan setja inn kreftene på å produsera nytt og utdjupande stoff. Rapporten viser at ein ved å ta utgangspunkt i ei slik samarbeidsløysing kan etablere eit nynorsk internettleksikon tilsvarande Caplex for berre ein brøkdel av kostnadene med å etablere eit slikt nettleksikon frå botn. Det er såleis ei svært kostnadseffektiv samarbeidsløysing som er valt, og med denne løysinga kan ressursane setjast inn på å byggja ut *innhaldet* framfor å måtta etablere ein grunnleggjande teknisk infrastruktur og utvikla eit basisinnhald. Det er òg ei løysing som sikrar at NNK får dra nytte av den store kompetansen på digitale oppslagsverk som Cappelen har bygt opp gjennom ei årrekkje.

Det vert streka under at ei omsetjing av dagens Caplex til nynorsk ikkje i seg sjølv er tilstrekkeleg og heller ikkje ei hovudsak ved det å få etablert ein nynorsk kunnskapsbase. Hovudsiktemålet med denne løysinga er at ein raskast og billegast mogleg skal koma fram til det punktet der utviklinga av ein sjølvstendig og særmerkt nynorsk kunnskapsbase kan ta til.

”Nettbiblioteket” vil dels byggja på nynorske tekstar som alt er digitaliserte (td. forfattarskapane til Ivar Aasen, Arne Garborg og A.O. Vinje), og dels syta for digitalisering av tekstar som i dag berre finst på papir. Rapporten legg opp til at kring 20 000 nynorske tekstsider skal bli tilgjengelege gjennom biblioteket i prosjektperioden 2003-2005, attåt bibliografiar, register, arkivtilfang og faktaopplysningar om nynorsk.

Det er lagt stor vekt på at NNK skal vera samordna med dei tunge statlege digitale satsingane på kulturfeltet, både ein eventuell nasjonal kunnskapsportal og det som skjer innanfor ABM-sektoren (arkiv, bibliotek, museum). Denne rapporten er skriven på eit tidspunkt der mykje framleis er uklart når det gjeld dei statlege satsingane, og det er lagt opp til at NNK skal vera eit prosjekt som står på eigne bein og fyller eit særskilt behov uavhengig av kva staten elles gjer, samstundes som NNK vert bygt opp på ein måte som lett kan samordnast med dei statlege satsingane når det vert aktuelt.

Bak NNK står Det Norske Samlaget og Nynorsk kultursentrum, som er dei to tunge institusjonane innanfor formidling og dokumentasjon av nynorsk skriftkultur. Cappelen er med sin tunge leksikontradisjon ein nær og viktig samarbeidspartnar. Ut over dette er det lagt opp til at NNK skal vera ein stor dugnad der ei rad ulike institusjonar og miljø vert inviterte med. Det gjeld både andre institusjonar og organisasjonar i målrørsla, og det gjeld ikkje minst kultur-, medie-, skule- og forskingsinstitusjonar utanfor den organiserte målrørsla som brukar nynorsk og har ressursar, kompetanse og eigne prosjekt som er interessante for NNK. Slik kan ein få til ei effektiv arbeidsdeling mellom institusjonane og hindra dobbeltarbeid, og ein kan få til gjenbruk av eksisterande ressursar som det kanskje tidlegare er lagt ned offentlege kroner i utviklinga av. På den måten vil NNK få viktige ringverknader.

Eit utstrekt nettverkssamarbeid er heilt avgjerande for at NNK kunna bli eit sentralt tyngdepunkt og møtepunkt for digital formidling på nynorsk. Det er òg avgjerande for at NNK skal bli ein kunnskapsbase som er nasjonal ikkje berre på den måten at han formidlar det nasjonen har sams, men òg vert ein kunnskapsbase for heile landet. Noreg har bruk for ein kunnskapsbase som legg særleg vekt på å få fram lokal og regional informasjon, og då er det avgjerande å ha sterke lokale og regionale samarbeidspartnarar. Her er det i fyrste omgang lagt opp til å gjennomføra eit større prøveprosjekt i nynorskfylket Sogn og Fjordane som kan danne eit grunnlag for å dra med alle fylke.

NNK har i dette forprosjektet ei samla kostnadsramme til etablering på 17,0 mill kr, av dette utgjer Nettbiblioteket 2,6 mill kr og Samlex 14,4 mill kr. Årlege driftskostnader er rekna til 2,1 mill kr, av dette 0,5 mill kr for Nettbiblioteket. Det er lagt opp til at etableringa skal skje i treårsperioden 2003-2005 og at NNK skal vera full utbygd i november 2005. Det er laga ein framdriftsplan som legg opp til ei hovudlansering i fyrste halvår 2004 med kring halvparten av innhaldet og heile det strukturelle og tekniske rammeverket på plass. Det må strekast under at dette er ein ideell og stram framdriftsplan som tek utgangspunkt i omsynet til brukarane. Føresetnaden er at finansieringa av eit

pilotprosjekt er klar innan 1. september i år, og at finansieringa av hovudprosjektet er klar ved årsskiftet 2002/2003.”

Denne utgreiinga er framleis berebjelken i prosjektet Nynorsk leksikon

Prosjektsøknad 2002

Rapporten blei lagd til grunn for ein søknad om eingongstilskot frå staten til prosjektet *Elektronisk kvalitetsinnhald på nynorsk*. Søknaden blei send til Kultur- og kyrkjedepartementet 4. juli 2002. I søknaden gjorde aktørane blant anna greie for samla prosjektbudsjett, behov for investerings- og driftstilskott.

Departementet svara negativt på søknaden i brev 11. september 2002 og viste til at framlegget i revidert nasjonalbudsjett 2002 om løyving til nasjonale kunnskapsbasar ikkje hadde fått tilslutning i Stortinget.

Posisjonering 2002-2004

Utover hausten og vinteren 2002/2003 hadde søkjarane møte med fleire instansar, både statlege og private. I desse samtalanane kom det tydeleg fram forståing for prosjektet, men at ein ser dette som ei oppgåve det offentlege primært bør finansiere.

Søkjarane hadde også kontakt med fleire aktuelle samarbeidspartnarar. Nynorsk kultursentrum drøfta særleg eit samarbeid med Nasjonalbiblioteket v/Espen S. Ore. Manglande løyvingar har gjort det vanskeleg å følge opp.

Arbeidskonferanse 2004

Med støtte frå Kultur- og kyrkjedepartementet og Nærings- og handelsdepartementet arrangerte Nynorsk kultursentrum ein arbeidskonferanse i Ivar Aasen-tunet 4. og 5. november 2004. Denne konferansen tente til å klargjere arbeidsgrunnlaget for *Nynorsk leksikon* ved å førebu den produksjonen av innhald som ingen andre til no har teke ansvaret for.

Basis for Nynorsk leksikon

Teknisk løysing

Nynorsk leksikon vil bruke den same tekniske løysinga som Caplex. Dette er ei teknisk fleksibel løysing som gjer det enkelt å bruke stoffet i andre samanhengar også.

Komplett tospråkleg tilbod

Nynorsk leksikon blir mykje meir enn eit vanleg leksikon. Samlex og Caplex blir eit gjennomført tospråkleg nettilbod med mange komponentar:

- Leksikon med mykje nytt stoff som ingen andre leksikon har i dag
- Artiklar med utdjupande saksframstilling
- Nettbibliotek med store tekstmengder
- Artikkelsøk og fritekstsøk
- Illustrasjonar
- Kart
- Grafiske framstillingar

Samlex

Berebjelken i prosjektet er omsetjing til nynorsk av Caplex, med arbeidstittelen Samlex. I tillegg vil Det Norske Samlaget leggje inn blant anna desse leksikalske verka som dei rår over:

- Nynorskordboka: 90 000 oppslagsord
- Med andre ord – fornorskings- og synonymordbok: 25 000 oppslagsord
- Norsk stadnamnleksikon:
- Norsk personnamnleksikon:
- Norsk etternamnleksikon:
- Norsk medisinsk ordbok:
- Veterinærmedisinsk ordbok:
- Juridisk-administrativ ordliste:
- Norsk flora:

Forlaget har også fleire oversynsverk som kan vere aktuelle for omredigering og tilpassing, til dømes *Norsk arkitekturhistorie* og *Norsk kunsthistorie*.

Nettbiblioteket

Nynorsk kultursentrum har sidan hausten 2002 bygt opp Nettbiblioteket på www.aasentunet.no. Dette er det største nettbiblioteket med litterære tekstar på nynorsk. Frå 7.11.2002 tok Nynorsk kultursentrum over nettstaden Den elektroniske bokhylla. Tekstane derifrå er framleis grunnstammen i Nettbiblioteket, som hausten 2004 inneheld:

- Skrifter i samling av Ivar Aasen
- Årleg oppdatert Ivar Aasen-bibliografi for skrifter om Ivar Aasens liv og verk, førebels med om lag 350 innførslar
- Arne Garborgs dagbøker
- Over 850 tekstar av om lag 115 forfattarar
- Korte leksikonartiklar om nesten alle desse forfattarane, som regel med portrett

Det vidare arbeidet med Nettbiblioteket vil i større grad knytast til prosjekt av typen Hundreårsmarkeringa Noreg 2005, til forfattarskapar som fell i det fri, og til nyare forfattarar. Gjennom eit nynorsk ABM-nettverk som er under etablering, kan Nettbiblioteket også bli utvida med andre typar dokument, henta frå arkiv, bibliotek og museum.

Nynorsk faktabok

Nynorsk faktabok 2005 blir ferdig vinteren 2005. I denne 2005-utgåva blir det truleg om lag 250 tabellar, mot 133 i førsteutgåva som kom i 1998. Feil og misvisande oppsett i tabellane blir retta og nytt stoff blir henta inn frå ulike hald. Alle tabellane frå 1998-utgåva blir med også i den nye, slik at all dokumentasjon blir samla på éin stad. I tillegg til det statistiske materialet vil faktaboka også innehalde ein omfattande krønike om den nynorske skriftkulturens historie 1646–2004. Det statistiske stoffet blir dessutan bearbeidd i form av grafiske figurar der det gir mening.

Når faktaboka er oppdatert og utstillingskatalogen ligg føre, har Nynorsk kultursentrum saman med sitt omfattande dokumentasjonsarbeid elles, avslutta det grunnleggjande arbeidet med dokumentasjon av nynorsk skriftkultur. Då er det meir opp til revisjonar og vidareutvikling, som trass alt er ei mykje enklare og mindre tidkrevjande oppgåve.

Nynorskbasen

Nynorskbasen er eit elektronisk register med basisinformasjon om profilerte nynorskbrukarar.

Denne databasen har Nynorsk kultursentrum bygt opp gradvis frå juni 2001 på grunnlag av eit forarbeid i *Nynorsk faktabok 1998*. På desse tre åra har Nynorskbasen vakse frå om lag 600 personar 2001 til bort imot 2900 personar hausten 2004. Av desse 2900 personane er noko mindre enn 500 kvinner. Det vil seie om lag 16 prosent av alle dei registrerte personane. Dette er som for liknande leksikalske basar. Same kor mykje vi leitar, er det truleg urealistisk å rekne med at kvinnene i Nynorskbasen har bikka 20 prosent i 2013.

Den einaste større kjelda med slik informasjon er Norsk Allkunnebok frå åra 1948-66. Om lag 900 personar vil finnast att der. Av nyare leksikon og oppslagsverk inneheld ingen meir enn 20 prosent av personane i Nynorskbasen.

Vi har lagt til grunn at ein *profilert nynorskbrukar* er ein person som

- er blitt oppfatta som ein sentral nynorskbrukar i sin region, si sosiale gruppe eller i si tid, eller
- har vore synleg offentleg i kraft av det å bruke nynorsk skriftleg og/eller munnleg, eller
- har vore sterk og tydeleg talskvinne/-mann for målsaka, eller
- har hatt framskotne posisjonar i viktige nynorske institusjonar eller organisasjonar.

Nokre av desse er det vi kan kalle *profesjonelle nynorskbrukarar*, altså personar som

- bruker nynorsk i kraft av stillinga si, men som elles ikkje ville ha gjort det

Dette er *dei prioriterte gruppene* av profilerte og/eller profesjonelle nynorskbrukarar:

- Skjønn- eller faglitterære forfattarar, journalistar, andre skribentar og publisistar som skriv på nynorsk eller dialekt
- Redaktørar og journalistar som i lengre tid har arbeidd i nynorskaviser eller brukt nynorsk i andre medieverksemder
- Politikarar, bedriftsleiarar, organisasjonsleiarar eller medarbeidarar som over tid har vore i framskotne posisjonar. Stortingsrepresentantar bør ha minst to periodar på Stortinget
- Prestar og teologar som har vore aktive som publisistar eller som har fått høgare posisjonar av typen prost eller biskop
- Skodespelarar som har vore knytte til nynorskbrukande institusjonar over lengre tid
- Kulturpersonar med sterk posisjon nasjonalt, i ein region eller eit område
- Forskarar, fagfolk og kunstnarar innanfor ulike uttrykksformer
- Sentrale tillitsfolk eller tilsette i nynorske institusjonar, organisasjonar, forretningstiltak m.m.

Ved å samle informasjon om desse gruppene, legg vi gjennom Nynorskbasen grunnlaget for biografisk informasjon ut frå dei kulturelle referanserammene mange nynorskbrukarar kjenner seg heime i eller som er relevante for dei.

Nynorskbasen inneheld i første omgang desse enkle *basisopplysningane*:

- Etternamn
- Førenamn (helst med alle mellomnamn)
- Kjønn
- Fødselsdato og fødselsår
- Dødsdato og dødsår
- Fødestad (kommune) helst i tydinga bustad for foreldra, ikkje det eventuelle sjukehuset
- Fylke for fødestad
- Yrkes- eller fagtilknytning med dei same kodane som i CAPLEX
- Tilvising til omtale i trykte eller digitale oppslagsverk

Vi har gått gjennom alle nyare og eldre leksikon og biografiske oppslagsverk som kan innehalde relevant informasjon. Likeins har vi søkt gjennom register m.m. i større festskrift og jubileumsskrifter. Noko står att, men 90 prosent av dette materialet er unnagjort.

Nynorsk kultursentrum har i egne arkiv og samlingar biografisk informasjon i trykt eller digital form om 75 prosent av alle dei som er registrerte i Nynorskbasen, altså over 2000 personar.

Aktuelle samarbeidspartnarar

I eit tidlegare kapittel er ei rekkje viktige nettstader med stoff på nynorsk presenterte. Fleire av desse vil vere aktuelle samarbeidspartnarar for prosjektet:

- Dag og Tid

- Kulturnett Norge med underbruk av typen Kulturnett Møre og Romsdal, Kulturnett Sogn og Fjordane
- Nasjonalbiblioteket
- Norsk Ordbok
- NRK
- Nynorsk pressekontor
- Aviser redigerte på nynorsk eller på begge målformer

Tidsplan

Det vil ta fire år å ha Nynorsk leksikon ferdig:

6 mnd	Testversjon
2,5 år	Grunnversjon med ferdig omsett Caplex til nynorsk
4 år	Utvida versjon

Grunnlag for handlingsplan 2005–2013

Dette skriftet skal danne grunnlaget for ein tiltaksplan for åra frå og med 2005. Den tiltaksplanen må mange vere med og lage på grunnlag av den informasjonen som no ligg føre. I denne omgang avgrensar vi oss difor til å liste opp dei viktigaste tiltaka som har vore nemnde til no. Ein teknisk føresetnad for ein slik tiltaksplan er at breiband blir eit reelt tilbod for innbyggjarar i heile Noreg.

Det må utviklast allmenn, publikumstilpassa og tilgjengeleg informasjon på nynorsk på Internett. Det er nødvendig å dekkje enkeltpersonane sine behov for at dei skal bli tryggast mogleg på å bruke sitt eige skriftspråk både i private, formelle, profesjonelle og offentlege samanhengar. Likeins må dei behova dekkjast som oppstår gjennom organisert bruk av Internett, særleg i skulen.

Eit stort fleirtal på Stortinget og ei regjering av V, KrF og H har våren 2004 sagt klart frå om at tiåret fram til 200-årsjubileet for Ivar Aasens fødsel i 2013 skal brukast til ei systematisk styrking av nynorsk skriftkultur.

Eit samla nynorskmiljø har sagt at eit allment nynorsk leksikon er det viktigaste nye tiltaket i dette arbeidet. Det blei sagt i 2000, i 2001, i 2002, i 2003, og det blei sagt i 2004.

Viss storting, regjering og forvaltning meiner det er andre nye tiltak som er viktigare, bør dei kome opp med dei tiltaka no. Viss ein deler vurderingane til eit samla nynorskmiljø, er det berre å gå i gang. Til no i stortingsperioden 2001–2005 har eit fleirtal i to stortingskomitear og eit mindretal i ein tredje komité slutta seg til tanken om ein digital kunnskapsbase i ei eller anna form som dekkjer behova også for nynorskbrukarane.

Kriterium for prioritering

Vi meiner det er viktig å prioritere desse tre typane tiltak:

- Prosjekt som er retta mot store publikumsgrupper
- Prosjekt som særleg dekkjer behova for nynorskbrukande elevar og studentar
- Prosjekt som etablerer nynorsk på nye emneområde

Dei viktigaste tiltaka 2005–2009

Dei viktigaste tiltaka i stortingsperioden 2005–2009 er etter vår meining desse:

- Tiltak for positiv diskriminering av nynorsk på Internett blir nedfelte i alle tildelingsbrev for midlar til statsetatar, statlege forvaltningsorgan m.m., og for alle institusjonar i abm-sektoren
- Tiltak for positiv diskriminering av nynorsk på Internett blir likeins nedfelte i alle verksemdplanar for nettstadarbeidet i offentlig sektor. Slike tiltak er ein føresetnad for at planane skal kunne godkjennast
- Nynorsk ABM-nettverk for vidareutvikling av Nynorskbasen og arbeidsgrunnlag for Nynorsk leksikon gjennom samarbeid mellom arkiv, bibliotek, museum m.m., under leiging av Nynorsk kultursentrum
- *Nynorsk leksikon*: finansiering og gjennomføring med Det Norske Samlaget som prosjektansvarleg
- Utvikle nettverk for nynorske kulturarrangørar og –produsentar, bl.a. med den årleg oppdaterte nettkatalogen *Nynorsk kulturkatalog*

- Lage *Nynorskbrukarens basistekstar* på Internett, med brevmønster og mengder av standarddokument og -malar på nynorsk
- Etablere Jon Fosse-arkivet som ein del av den ordinære drifta ved Nynorsk kultursentrum etter avslutta forprosjekt i 2005
- Digitalisere nøkkeldokument frå den nynorske skriftkulturens historie i nært samarbeid med forskingsprosjektet "Det opne språket" om norsk målreising 1739–2005 og hundreårsjubileet til Noregs Mållag i 2006
- Føre vidare digitaliseringa av *Fedraheimen* (1877–1891) i regi av Norsk Ordbok 2014. Ved sida av *Dølen* og *Den 17de Mai* er dette det viktigaste nynorskbladet før 1940
- Leggje til rette for bruk på Internett av databasen *Den 17de Mai 1894-1913*, som er eit komplett innhaldsregister for alle desse avisårgangane
- Publisere tekstar i utval av Rasmus Steinsvik i høve hundreårsmarkeringa for unionsoppløysinga
- Publisere innhaldslistar for utvalde nynorske blad og aviser
- Utvikle multimediale og interaktive tilbod
- Lage *Nettsongboka* med tekstar som har falle i det fri: forfattarens siste versjon og tilrådd versjon i dag

Andre tiltak i utval

No når grunnlaget for ein handlingsplan er der, kan også drøftingane av kva som trengst, bli meir målretta. Blant viktige tiltak som har vore drøfta til no, nemner vi:

- Stilsørvis for nynorskbrukande elevar i form av gode saksframstillingar med redigert bakgrunnsstoff om ei rekkje emne
- Bygge opp ein norsk språkbank, dvs. ei samling av norske språkressursar i form av store mengder tekst og tale som er elektronisk lagra og tilrettelagde for ulike typar bruk og gjenbruk
- Digitalisering av tekstar som fell i det fri i åra fram til 2013, dvs. tekstar skrivne av opphavspersonar som døydde i åra fram til 1943
- Vidareutvikle Ivar Aasen-bibliografien i samarbeid med Ivar Aasen-instituttet, for seinare årleg oppdatering. Målet bør vere ein Aasen-bibliografi som dekkjer publikasjonar over heile verda.
- Utvikle *Det nynorske Noregskartet*, eit digitalt kart med informasjon om utbreiinga av nynorsk i tid og rom – innføring av Blix-salmar, nynorsk i skulekrinsar og nynorsk tenestemål – frå 1890 til 2005, med seinare årleg oppdatering.
- Tospråklege ordbøker på Internett, til og frå nynorsk og dei store verdsspråka, særleg spansk og engelsk

Konklusjon

Stortingsfleirtalet og regjeringa er samde om ei systematisk styrking av nynorsk skriftkultur fram til 2013, og at det er aktuelt å bruke positive diskrimineringstiltak for å få dette til. Ingen tiltak for positiv diskriminering av nynorsk når breiare ut og til ein lågare kostnad enn tiltak for nynorsk innhald på Internett.

Vedlegg I

Nynorsk innhald på Internett – program arbeidskonferanse

Torsdag 4. november 2004

- 1100 Registrering og lunsj
- 1215 BEHOV, BRUKSMØNSTER OG BRUKARGRUPPER I ENDRING**
Ottar Grepstad, aasentunet.no : Godt stoff og ubrukt språk – opningar til nynorsk innhald på Internett
- 1345 Kaffi og te
- 1415 VIKTIGE NYNORSKE NETTSTADER**
Vidar Egset og Rolf Driveklepp, www.sparebanken.no : Nettbank på nynorsk?
Kristin Bakken, <http://no2014.uio.no> : Norsk Ordbok og andre digitale ordbøker
Ragnhild Bjørge, www.nynorsk.no : Digitale kunnskapskjelder om og på nynorsk
- 1600 Kaffi og te
- 1615 Karen Marie Loge, www.bergen.folkebibl.no : Vestlandsforfattarar og annan litteratur på Internett
Arild Nybø, www.nrk.no/sfj/leksikon : Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane
- 1800 Transport frå Ivar Aasen-tunet til hotella
- 1945 Transport frå hotella til Ivar Aasen-tunet
- 2000 BOKNATT I AASEN-TUNET**
Varmrett og både litterære og kulinariske rettar
Signerte bøker og andre bøker til saks i butikken
- 2100 Opning av temautstillinga "Klassisk kulturarv" v/Audun Heskestad
- 2115 Brit Bildøen og Solveig Brandal i Salen
Kafeen er open til siste slutt

Fredag 5. november 2004

- 0900 Transport frå hotella til Aasen-tunet
- 0915 BRUKTE OG UBRUKTE KJELDER**
Guttorm Flatabø, nn.wikipedia.org : Wikipedia – kunnskapsbase på dugnad
Yngve Nedrebø, <http://digitalarkivet.uib.no> : Arkiverte, men ikkje bortkomne kjelder
- 1045 Kaffi og te med noko attåt
- 1100 NYNORSK LEKSIKON**
Olav Stokkmo, www.samlaget.no : Frå bok til Internett-leksikon
Haavard Nordlie, www.caplex.no : Caplex
Ottar Grepstad, www.aasentunet.no : Nynorskbasen
- 1215 Lunsj
- 1300 **NYNORSK PÅ INTERNETT 2005–2014: KVEN GJER KVA – OG KVA MED PENGANE? Paneldebatt**
Trine Skei Grande (kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen)
Audun Heskestad (Det Norske Samlaget)
Rune Skjælaaen (kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen)
- 1350 **SLUTT**
- 1355 Transport til flyplassen
- Omvising i Ivar Aasen-tunet etter avslutta konferanse for dei som har høve til det.

Deltakarar og innleiarar

Bakken	Kristin	Norsk Ordbok 2014	kristin.bakken@inl.uio.no
Barstad	Johan	Møreforskning	johan.barstad@moreforsk.no
Bjørge	Ragnhild	nynorsk.no	ragnhild.bjorge@nynorsk.no
Bjørke	Kari	Styret Nynorsk kultursentrum	kari.bjorke@nhd.dep.no
Driveklepp	Rolf	Sparebanken Volda Ørsta	rolf.driveklepp@sparebanken.no
Egset	Vidar	Sparebanken Volda Ørsta	vidar.egset@sparebanken.no
Flatabø	Guttorm	Wikipedia	dittaeva@yahoo.com
Foss	Liv Randi	Kulturnett Møre og Romsdal	liv.randi.foss@ikamr.no
Fosseng	Svenn	Samlaget	svennfos@online.no
Grande	Trine Skei	Stortinget	trine.grande@stortinget.no
Grepstad	Jon	Norsk språkråd	grepstad@sprakrad.no
Grepstad	Ottar	Nynorsk kultursentrum	ottar.grepstad@asentunet.no
Helleve	Eirik	Nynorsk kultursentrum	eirik.helleve@asentunet.no
Heskestad	Audun	Det Norske Samlaget	a.heskestad@samlaget.no
Høviskeland	Vidar	LNK	lnk@online.no
Langstøyl	Kirsti	Nynorsk kultursentrum	kirsti.langstoyl@asentunet.no
Loge	Karen Marie	Bergen off. bibliotek	karenm@bergen.folkebibl.no
Nedrebø	Yngve	Digitalarkivet	yngve.nedrebo@riksarkivaren.dep.no
Nordlie	Haavard	Cappelen	haavard.nordlie@cappelen.no
Nybø	Arild	Nynorsk mediesenter	arild.nybo@nrk.no
Riise	Grete	Rådet Nynorsk kultursentrum	grete.riise@fmho.no
Skjælaaen	Rune	Stortinget	rune.skjalaaen@stortinget.no
Stokkmo	Olav	Det Norske Samlaget	o.stokkmo@samlaget.no
Vestad	Jon Peder	Høgskulen i Volda	jpv@hivolda.no
Wikstrøm	Solveig	Cappelen	solveig.wikstrom@cappelen.no
Worren	Dagfinn	Norsk Ordbok 2014	dagfinn.worren@inl.uio.no
Ødegaard	Rebecca Boxler	Universitetet i Oslo	r.b.odegaard@inl.uio.no

Artiklar, foredrag, notat, utgreiingar om aktuelle faglege eller språkpolitiske spørsmål. Innhaldet står for forfattarens rekning. Alle småskriftene er tilgjengelege på www.aasentunet.no.

Nynorsk innhald på Internett

Grunnlag for handlingsplan 2005-2013

”Stortingsfleirtalet og regjeringa er samde om ei systematisk styrking av nynorsk skriftkultur fram til 2013, og at det er aktuelt å bruke positive diskrimineringstiltak for å få dette til. Ingen tiltak for positiv diskriminering av nynorsk når breiare ut og til ein lågare kostnad enn tiltak for nynorsk innhald på Internett.”

Dette er eit redigert referat frå arbeidskonferansen ”Nynorsk innhald på Internett” som Nynorsk kultursentrum arrangerte i Ivar Aasen-tunet 4.-5. november 2004. Det har i fleire år vore brei semje i nynorskmiljøa om at eit allmenn leksikon på nynorsk på Internett er det nye viktige tiltaket for å styrkje nynorsk skriftkultur. Målet for konferansen var leggje arbeidsgrunnlaget for dette prosjektet: **Nynorsk leksikon**.

Konferansen blei arrangert med støtte frå Kultur- og kyrkjedepartementet og Nærings- og handelsdepartementet.

Nynorsk kultursentrum eig og driv

- Ivar Aasen-tunet, nasjonalt dokumentasjons- og opplevingssenter for nynorsk skriftkultur, med det eldste personmuseet i landet.
- Dei Nynorske Festspela, ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen, som har vore arrangerte sidan 1992.
- www.aasentunet.no, nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur, med Nettbiblioteket som inneheld den største samlinga av nynorske tekstar på Internett.

ISBN 82-92602-04-6

HOVUDSPONSORAR

Sparebanken Volda Ørsta • Sunnmørsposten • Tussa Kraft • Widerøe • Ørsta Stål